Kvam herad

Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030

Planomtale

Høyringsframlegg

FSK-sak 029/18 den 25.04.2018

Alle foto: Hordaland Folkeblad

INNHALD

1 INNLEIING 5

1.1 FØREMÅL OG BAKGRUNN 5
1.2 PLANPROSESS 5

2 RAMMER OG FØRESETNADER 6

2.1 HOVUDSTRATEGI FOR PLANEN 6
STRATEGI FOR LANGSIKTIG UTVIKLING 6
2.2 HOVUDSTRATEGIAR 7
OVERORDNA MÅL: 7
Stadutvikling 7
Bustad 7
Kommunikasjon og infrastruktur 7
Verdiskaping igjennom samarbeid 7
Livskvalitet 7

3 FELLES PLANFØRESETNADER –STRATEGIAR FOR FRAMTIDIG AREALFORVALTNING 8

3.1 SENTERSTRUKTUR 8
3.2 UTNYTTING AV LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE 10
3.3 INDUSTRI OG NÆRINGSAREAL 10
3.4 FUNKSJONELL STRANDSONE 11
3.5 OMRÅDE FOR AKVAKULTUR 11
3.6 GJENNOMGANG AV GAMLE REGULERINGSPLANAR 11
3.7 VEG TIL TOLOMARKA. 12
3.8 HARDANGERTUNNEL 12
3.9 MASSEDEPONI 12
3.10 VURDERING AV PRIVATE INNSPEL 12
3.11 PLANKVALITET 16
3.12 KONSEKVENSUTGREIING 16

4 SVAR PÅ PLANPROGRAMMET 18

4.1 FOLKETALSUTVIKLING OG TRONG TIL BUSTADAREAL 18
4.2 SENTERSTRUKTUR 19
4.3 UTNYTTING AV LNF-OMRÅDE 19
4.4 INDUSTRI- OG NÆRINGSAREAL 20
4.5 FUNKSJONELL STRANDSONE 20
4.6 OMRÅDE FOR AKVAKULTUR 21
4.7 GJENNOMGANG AV GAMLE REGULERINGSPLANAR 22
4.8 NY VEG TIL TOLOMARKA 23
4.9 HARDANGERTUNNEL 24
4.10 MASSEDEPONI 25
4.11 SAMLA KONSEKVENSAR AV PLANFRAMLEGGET 25
Miljø og klima 25
Landbruk (jord- og skogressursar) 25
Naturmangfald (naturverdiar/biologisk mangfald) 26
Landskap (landskap/grøntstruktur og kulturlandskap) 26
Friluftsliv 28
Kulturminne/fornminne 28
Born og unge sine oppvekstvilkår 29
Akvakultur 30
Samfunnstryggleik 40
4.12 RISIKO OG SÅRBARHEITSANALYSE 40
Samfunnstryggleik 40

Naturhendingar 42
Menneskeskapte hendingar 43
Risikovurdering av mogleg ny arealbruk 43
Forklaring på analysen 43

5 PLANOMTALE 45

5.1 BYGG OG ANLEGG, PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 11-7, PKT. 1 45
Bustadområde 45
Område for fritidsbustad 50
Sentrumsføremål 50
Forretning 51
Offentleg og privat tenesteyting 51
Fritids- og turistføremål 52
Råstoffutvinning 53
Næringsverksemd 53
Idrettsanlegg 54
Naustområde 54
Kombinerte byggeområde 55
5.2 SAMFERDSEL OG TEKNISKE ANLEGG ETTER, PLAN OG BYGNINGSLOVA § 11 -7 PKT. 2 56
Vegsamband 56
Hamn 57
Parkering 58
5.3 GRØNTSTRUKTUR, ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA § 11 -7 PKT. 3 58
Friområde 59
Park 60
5.4 LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE ETTER, PLAN OG BYGNINGSLOVA § 11 -7 PKT. 5 61
LNF spreidd busetnad 62
Spreidd næring 62
Eksisterande bygde bustad- og fritidsbustad i LNF 63
5.5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE, ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, PKT. 6 64
Ferdsel- og friluftsliv 64
Farlei 64
Småbåthamner 64
Fiske- og akvakultur 66
Friluftsområde i sjø 67
Flytebrygger og fellesanlegg 67
Bestemmeselsesområde 67
5.6 OMSYNSSONER, JF. PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 11-8, PKT. A-F 68
Sikringssone pkt. a – drikkevatn og verna vassdrag 68
Støysone pkt. a - støy 68
Faresone pkt. a - ras 68
Sikringssone pkt. a – kraftleidningar 68
Særleg omsyn pkt. c – friluftsliv 68
Særleg omsyn pkt. c - naturmiljø 70
Særleg omsyn pkt. c - kulturmiljø 70
Særleg omsyn pkt. c - landbruk 70
Sone for felles planlegging pkt. e 70
5.7 SAMFERDSLE- OG INFRASTRUKTURLINER 71
5.8 TILHØVE TIL PLANAR, RAMMER OG RETNINGSLINER 72
Statlege rammer og retningsliner 72
Regionale planar og retningsliner 72
Kommunale planar 72
Temakart og informasjonskjelder 73
Andre kjelder som har vore nytta: 73

1 INNLEIING

1.1 Føremål og bakgrunn

Alle kommunar er pålagt å ha ein kommuneplan som seier noko om korleis det er ynskjeleg at kommunen skal utvikla seg. Kommuneplanen omfattar ein samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen tek for seg overordna styringsgrep, og arealdelen syner korleis dette kjem til uttrykk i arealbruken, jf. plan- og bygningslova § 11-5.

Kommuneplanen sin arealdel skal omfatta plankart, føresegner og planomtale. I planomtalen skal det komma fram korleis nasjonale mål og retningsliner og overordna planar for arealbruk er omhandla og tatt inn i planen. Kommuneplanen sin arealdel er rettsleg bindande for kommunen si arealforvaltning.

Planavgrensing

Arealbruken i Kvam er pr. dags dato styrt av:

- Kommuneplanen sin arealdel(vedtatt den 13.06.2006)
- Kommunedelplan for Norheimsund vest(vedtatt den 11.02.2003)
- Kommunedelplan for Kvamskogen (vedtatt den 06.09.2011.)

I ny plan vert kommunedelplan for Norheimsund vest fasa ut og inngår som ein del av den samla kommuneplanen sin arealdel. Kommunedelplan for Kvamskogen vert ikkje omfatta av denne arealplanen.

Kvam herad har eit samla areal på 616 km^2 på land. Kommuneplanen sin samla arealdel utgjer om lag 706 km^2 på sjø og på land.



1.2 Planprosess

Kommuneplanen sin arealdel er gjennomført i samsvar med prosessen og innhaldet i plan- og bygningslova.

Endeleg vedtak kommunal planstrategi:	HST-sak 92/12
Oppstart kommuneplanen sin areraldel:	HST-sak 06/13
Endeleg vedtak –planprogram:	HST-sak 047/13
Høyringsfrist –kommuneplanen:	30.09.2013.
Endeleg vedtak-samfunnsdelen:	HST-sak 064/15
Arbeidsmøte i formannskapet:	07.03.2016.
Planforum i Hordaland:	21.02.2017
Vedtak – plan ut på høyring	FKS-sak 029/18
Høyring og offentleg ettersyn –arealdelen:	Vår/sommar 2018



2 RAMMER OG FØRESETNADER

2.1 Hovudstrategi for planen

KVAM HERAD SIN VISJON:

«Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid –create a remarkable future»

Visjonen byggjer på samspel, engasjement, vilje til å få til noko og å vera rause og tolerante med kvarandre. Eit godt ord for dette er å «skapa» som betyr å forma, danna eller la noko verta til. Ved å byggja vidare på styrkane som ligg i vår historie, identitet og kultur, skal me skapa ei oppsiktsvekkjande framtid i Kvam.

Visjonen vår skal difor reflektera at me fylgjer med i tida, at me er kreative og viser innovasjonsvilje. Ein kommune med rett porsjon risikovilje, der me torer prøva nye ting som er verdt å leggja merke til. Ein kommune som skal skapa ei oppsiktsvekkjande framtid, basert på samarbeid mellom menneske, lag og organisasjonar, verksemder, bransjar og bygder.

HOVUDMÅLET TIL KVAM HERAD:

«Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen.»

STRATEGI FOR LANGSIKTIG UTVIKLING

Kvam må ha fokus på å vidareutvikla vårt eige regionsenter Norheimsund til å vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering. Eit sterkt regionsenter i samspel med lokal- og nærsentra i Øystese, Ålvik, Tørvikbygd og Strandebarm gjev grunnlag for gjensidig vidareutvikling og styrking av heile Kvam. Eit sterkare Kvam kan då ta del i veksten og utviklinga som har skjedd i Bergen og kysten.

Noko av det attraktive med Norheimsund er det tette og kompakte sentrum, med eit spennande og variert bu-, handels-, kultur- og fritidstilbod. Med regionsenteret som kjerne, må området Laupsa – Øystese-Steinsdalen – Norheimsund – Vikøy vidareutviklast. Kvam skal i framtida vera eit naturleg val for aktive barnefamiliar som ynskjer seg eit liv utanfor bykjernen, men i pakt med tettstaden og naturen.

Kvam er ein «inngangsportal» for folk som ynskjer å oppleva merkevara Hardanger, ei merkevare som må vidareutviklast i samarbeid med resten av regionen. Kvam sitt varierte næringsliv med jordbruk, akvakultur, industri og handel, kopla med eit rikt kultur- og organisasjonsliv gjev eit mangfaldig og levande samfunn som kan danna grunnlaget for ei ny satsing.

2.2 Hovudstrategiar

I kommuneplanen sin samfunnsdel er stadutvikling, bustad, kommunikasjon og infrastruktur, verdiskaping gjennom samarbeid, og livskvalitet sett på som dei viktigaste strategiområda i planen.

OVERORDNA MÅL:

Stadutvikling

Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.

Bustad

Kvam herad skal ha eit variert bustadtilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.

Kommunikasjon og infrastruktur

Kvam skal ha ein trafikksikker og effektiv infrastruktur eksternt mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeids-region, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene.

Verdiskaping igjennom samarbeid

I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet.

Livskvalitet

I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.

3 FELLES PLANFØRESETNADER –STRATEGIAR FOR FRAMTIDIG AREALFORVALTNING

Planprogrammet og kommuneplanen sin samfunnsdel har lagt vekt på tema som skal løysa kommunen sine utfordringar dei komande åra.

3.1 Senterstruktur

Kvam herad ynskjer å få tydeleggjort sin eigen senterstruktur og arealforvaltning rundt tettstadane. Areal og transport skal sjåast i ein samanheng der eksisterande gang- og sykkelvegsystem enten skal utbetrast, eller nyttast slik dei ligg i dag. Utviklinga skal føregå langs desse aksane, og det skal arbeidast ut frå ein tankegang om universell utforming, tilrettelegging for kollektivtransport, sykling og gange.

Senterstruktur

- Regionsenter: Norheimsund
- Kommunesenter: Norheimsund
- Lokalsenter: Øystese
- Lokalsenter: Strandebarm
- Lokalsenter: Ålvik
- Nærsenter: Tørvikbygd

Norheimsund

1. Offentleg og privat tenesteyting samt detaljhandel skal lokaliserast i sentrum eller innanfor 10 minutt gåavstand frå sentrum. Bustadbygging i same område skal ha høg arealutnytting.
2. Einebustader kan berre byggast utanfor sentrum og utanfor området definert som 10 minutt gåavstand. Dei områda som ligg innanfor 20 minutt sykkelavstand frå sentrum vert rekna som særleg gode område for bustadbygging. Innafor området skal det byggjast vidare på eksisterande infrastruktur, på noverande gang- og sykkelvegsystem og etablerte bustadområde.
3. Ålmenta skal sikrast tilgang til strandsonen og større samanhengande grøntområde når reguleringsplanar vert utarbeidd.



Gåavstandar i frå Norheimsund sentrum
Mørk grøn -5 min
Lys grøn -10 min
Lys brun - 15 min



Sykkelavstandar i frå Norheimsund sentrum
Lys grøn -10 min
Lys brun -20 min

Øystese

4. Offentleg og privat tenesteyting samt detaljhandel skal lokaliserast i sentrum eller innanfor 10 minutt gåavstand frå sentrum. Bustadbygging i same område skal ha høg arealutnytting.
5. Einebustader bør berre byggast utanfor sentrum og utanfor området definert som 10 minutt gåavstand. Dei områda som ligg innanfor 20 minutt sykkelavstand frå sentrum vert rekna som særleg gode område for bustadbygging. Innafor området skal det byggjast vidare på eksisterande infrastruktur, på noverande gang- og sykkelvegsystem og etablerte bustadområde.
6. Ålmenta skal sikrast tilgang til strandsona og større samanhengande grøntområde når reguleringsplanar vert utarbeidd.



Gåavstandar i frå Øystese sentrum
Mørk grøn -5 min
Lys grøn -10 min
Lys brun - 15 min



Sykkelavstandar i frå Øystese sentrum
Lys grøn -10 min
Lys brun -20 min

Strandebarm/Tangerås – Ålvik

7. Lokalsenter er område med funksjonar knytt til daglege gjeremål, både private og offentlege.
8. Utbygging skal konsentrerast innanfor 10 minutt gåavstand frå sentrum. I lokalsenter kan det vere både einebustader og tett utnytting.
9. Lokalsentra må bygge vidare på eksisterande infrastruktur for veg, VA, gang- og sykkelveg. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.

Tørvikbygd

10. Lokalsenter er område med funksjonar knytt til daglege gjeremål, både private og offentlege.
11. Utbygging skal konsentrerast innanfor 10 minutt gåavstand frå sentrum. I lokalsenter kan det vere både einebustader og tett utnytting.
12. Lokalsentra må bygge vidare på eksisterande infrastruktur for veg, VA, gang- og sykkelveg. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.

3.2 Utnytting av landbruk-, natur- og friluftsområde

Kvam herad er ein mangfaldig og langstrakt kommune, der moglegheitene er store for vekst og berekraftig utvikling. For å utnytta naturressursane på dei einskilde bruka til beste for grunneigar og samfunnet, er det ynskjeleg at moglegheitene for nye næringar som gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringar vert løfta fram i planen. Moglegheitene i plan- og bygningslova og rettleiaren Garden som ressurs skal leggjast til grunn.



13. Jordvernet skal stå særskilt sterkt i lnf-l område
14. Det skal opnast opp for nye stadbundne næringar knytt til garden sitt ressursgrunnlag, som gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringar.
15. I område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad
16. Eksisterande busetnad i LNF-område skal visa som spreidd busetnad føresegner som gjer det lettare med påbygg, tilbygg med meir i desse områda.

3.3 Industri og næringsareal

Kvam herad har ulike moglegheiter for industri- og næringsareal i store delar av kommunen. Tema for industri- og næringsareal skal også omfatta moglegheiter for å utvikla område med sand og steinressursar. Viktige kriteria som skal leggjast til grunn:

- Utnytte eksisterande infrastruktur
- Ta omsyn til eksisterande bustadområde
- Vurdere utvidingsareal for eksisterande verksemder

17. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir, skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum.
18. Plasskrevjande næringar skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv -7, Fv 48 eller Fv 49. Næringar basert på stadbundne ressursar kan lokaliserast i område der desse høyrer naturleg til.
19. Detaljhandel skal liggje i sentrum.

3.4 Funksjonell strandsone

Kvam herad har i dag ei lang strandline som strekk seg i frå Kjepso til Gravdal. Arealet er svært verdfullt både for bustad, tettstadsutvikling, næring, fritid, rekreasjon og friluftsliv. Områda skal forvaltast slik at det er mogleg med både vekst og bærekraftig utvikling.

I Fylkesplan 2005-2008 «Råd om planlegging og forvaltning i strandsona i Hordaland» er funksjonell strandsone definert som:

"*Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet*".

20. Område som er knytt saman med gang- og sykkelveg mellom Vikøy og Laupsa, skal utviklast til attraktive bu-og rekreasjonsområde langs med sjøen.
21. I den funksjonelle strandsonen skal det leggjast vekt på fortetting i noverande bebygde område
22. I den funksjonelle strandsonen skal område som er egna til rekreasjon og friluftsliv sikrast mot utbygging.

3.5 Område for akvakultur

Frå slutten av 1980-talet/byrjinga av 1990-talet har kommunen drive med planlegging i fjorden for å leggja til rette areal for fisk og skaldyr. Lokaliseringa for laks og sjøaure var basert på lune vikermed små anlegg,relativt nært land. Dette kunne føra til konflikter med både busetnad, rekreasjon og friluftsliv. Anlegga i dag er større, teknologien er endra og økonomien er betra. Samstundes har mange av lokalitetane vorte liggjande igjen i dei gamle områda i kommuneplanen,

Oppdrettsnæringa har vore, og skal fortsatt vera ei viktig næring i fjorden. Skal dette vera mogleg, må forvaltninga vera berekraftig og lokalitetane må tilpassast nye krav til teknologi og volum. Ny plan må leggja til grunn nye krav til lokalisering. Dette bør og omfatta lokalitetar på land og nødvendige areal til kaianlegg, administrasjon med meir.

23. Eksisterande lokalitetar skal gjevast moglegheit til å flytta frå område ved land, og ut i open fjord
24. Nyetablering av lokalitetar skal skje i meir open fjord
25. Eksisterande område for akvakultur som ikkje er i bruk, skal takast ut av planen.

3.6 Gjennomgang av gamle reguleringsplanar

Gjennomgang av gamle reguleringsplanar, med bustadføremål, viser at det ikkje samsvar mellom storleik på bustadane og utnyttingsgrad. I revisjon av planen er det sett på moglegheitene som finst, for at dei gamle planane tilfredsstiller noverande krav til utnytting.

26. Utnyttingsgraden i eldre reguleringsplanar skal endrast i overordna kommuneplan, så langt som det let seg gjera uten å gå vegen om reguleringsendring.

3.7 Veg til Tolomarka.

Tolomarka har vore eit viktig område for bustadbygging i kommunen. Tilgjenge til området har vore diskutert og planlagt ved fleire revisjonar av kommuneplanen. Ny veg til Tolomarka skal inn i planen, og vert vurdert med utgangspunkt i at den skal vera tilkomst både for bustad, næring og rekreasjon. Tidlegare har det vore sett på løysingar både i frå Norheimsund, Øystese og Skipadalen. Løysingane og trongen til ny veg har vorte vurdert på nytt.

27. Veg til Tolomarka må ha tilstrekkeleg standard for å ivareta trygg tilkomst til eksisterande bustader, barnehage med meir, og framtidig utvikling, vegen skal ha høg kost/nytteeffekt.

3.8 Hardangertunnel

I planstrategien for Kvam herad er det vist til at Kvam er ein del av den framtidige bu- og arbeidsmarknadsregionen i Bergen og omegn. Tunnel under Kvamskogen vil vera eit viktig tiltak for å gjera regionen lettare og raskare tilgjengeleg både for folk og næringsliv i Kvam. Dette vert og sett i samanheng med sikring av tunnelane i Tokagjelet.

28. Tunneltraséen skal visast i kommuneplanen sin arealdel.

3.9 Massedeponi

Det er planlagt tunnellar, kraftverk med meir i den komande planperioden der det vil verta gjort tilgjengeleg mykje steinmassar. Kvam herad har i førre planperioden gode erfaringar med bruk av massar til samfunnsnyttige prosjekt. Dette er også eit mål i denne kommuneplanperioden.

29. Overskotsmassar frå utbyggingsprosjekt skal nyttast til samfunnsnyttige tiltak.
30. Matjord skal takast vare på.

3.10 Vurdering av private innspel

Private innspel er viktige for å stimulera til medverknad og for å få ei god breidde i nye forslag til arealbruksføremål. Fristen for å komma med private forslag vart sett til 30.september 2013. I og med prosessen har dradd ut i tid har innspel heilt fram til april 2018 vorte vurdert som ein del av plangrunnlaget.

Samla kom det inn i underkant av 400 private innspel, og alle desse har vorte vurdert undervegs i prosessen. I første omgang vart innspela vurdert opp mot kommunen sine utvalde tema i kommuneplanen og kommunen sine vedtekne arealstrategiar. Dei innspela som ikkje var ein del av kommunen sine utvalde tema, eller som openbart var i strid med kommunen sine arealstrategiar vart forkasta. Innspel som openbart var i samsvar

med arealstrategiane vart vurdert i høve til arealstrategiane, konsekvensutgreiing (KU), og risiko og sårbarheit (ROS). Det same har vorte gjort med innspel som kunne vera i samsvar med arealstrategiane. Til slutt er alle innspel vurdert opp mot kommunen sin samla trong for utbygging. Einskilde innspel har såleis vorte tilrådd etter KU og ROS, men ut ifrå ei samla vurdering av behov har forslaget likevel ikkje vorte teke inn i plankartet. Det er i desse tilfella vurdert at andre område er betre eigna for utbygging. Tabellen under syner kva område dette gjeld:

Gnr	Bnr	Stad	Føremål	Vurdering	
10	1	Norheimsund	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod for tomter i Norheimsund vert ikkje delar av dette området teke inn i plankartet som bustadområde. Behovet for tomter i Norheimsund vert dekka gjennom andre område som er betre eigna med tanke på areal- og transport, tryggare og billigare å byggja ut.	Kaldestad
10	44 m.fl	Norheimsund	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod for tomter i Norheimsund vert ikkje dette området teke inn i plankartet som bustadområde. Behovet for tomter i Norheimsund vert dekka gjennom andre område som er betre eigna med tanke på areal- og transport, tryggare og billigare å byggja ut.	Kaldestad
44	14	Øystese	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Øystese vert ikkje dette området teke med i kartet som bustadområde. Planframlegget inneheld no rikeleg med areal til bustader for å ivareta behovet som er i Øystese. Eit argument for å tilrå vidare utfylling på Stronde er samfunnsnyttig bruk av massar frå vegprosjekt. Det er vurdert at det er andre stader som er betre eigne til å fylle ut i denne planperioden jf. moglegheitsstudie for Øystese og reguleringsplan for Stramubrua - Tolo småbåthamn i Norheimsund.	Stronde
44	5	Øystese	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Øystese vert ikkje dette området teke med i kartet som bustadområde. Behovet for bustader i Øystese vert dekka gjennom andre område som er betre eigna med tanke på jordvern, ROS og konfliktar med omkringliggjande arealbruk	Busdalen
51	5	Øystese	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Øystese vert ikkje dette området teke med i kartet som bustadområde. Behovet for bustader i Øystese vert dekka gjennom andre område som er betre eigna med tanke på areal- og transport, tryggare og billigare å byggja ut.	Laupsa
84	1	Tørvikbygd	Spreidd bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Tørvikbygd vert ikkje dette området teke med i kartet som spreidd bustadområde. Det er meir enn tilstrekkeleg areal tilgjengeleg i området rundt skulen og barnehagen. Dei områda bør byggjast ut før ein byrjar å sjå etter nytt areal for bustadbygging lenger vekke frå servicetilboda. Det er og svært uheldig å legge opp til nye	Kvitastein

				bustadområde utanfor sentrum når det ikkje er gang- og sykkelveg.	
85	3	Tørvikbygd	Spreidd bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Tørvikbygd vert ikkje dette området teke med i kartet som spreidd bustadområde. Det er meir enn tilstrekkeleg areal tilgjengeleg i området rundt skulen og barnehagen. Dei områda bør byggjast ut før ein byrjar å sjå etter nytt areal for bustadbygging lenger vekke frå servicetilboda. Det er og svært uheldig å legge opp til nye bustadområde utanfor sentrum når det ikkje er gang- og sykkelveg.	Åse
86	2	Tørvikbygd	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Tørvikbygd vert ikkje dette området teke med i kartet som bustadområde. Det er meir enn tilstrekkeleg areal tilgjengeleg i området rundt skulen og barnehagen. Dei områda bør byggjast ut før ein byrjar å sjå etter nytt areal for bustadbygging lenger vekke frå servicetilboda.	Augestad
86	7	Tørvikbygd	Spreidd bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Tørvikbygd vert ikkje dette området teke med i kartet som spreidd bustadområde. Det er meir enn tilstrekkeleg areal tilgjengeleg i området rundt skulen og barnehagen. Dei områda bør byggjast ut før ein byrjar å sjå etter nytt areal for bustadbygging lenger vekke frå servicetilboda. Det er og svært uheldig å legge opp til nye bustadområde utanfor sentrum når det ikkje er gang- og sykkelveg.	Augestad
87	5	Tørvikbygd	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Tørvikbygd vert ikkje dette området teke med i kartet som bustadområde. Vidare utbygging i Tørvikbygd bør skje på vestsida av Fv. 49 der det er barnehage og skule. Her er det og sett av store område til bustad som enno ikkje er regulert eller bygd ut.	Drage/Hovden
87	1	Tørvikbygd	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Tørvikbygd vert ikkje dette området teke med i kartet som bustadområde. Det er ikkje ynskjeleg med spreidd LNF-busetnad i sentrumsområde. I Tørvikbygd bør areala mellom skulen og barnehagen regulerast og byggjast ut, og framtidig utbygging bør skje der.	Drage
90	43	Tørvikbygd	Spreidd bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Tørvikbygd vert ikkje dette området teke med i kartet som spreidd bustadområde. Det er meir enn tilstrekkeleg areal tilgjengeleg i området rundt skulen og barnehagen. Dei områda bør byggjast ut før ein byrjar å sjå etter nytt areal for bustadbygging lenger vekke frå servicetilboda. Det er og svært uheldig å legge opp til nye bustadområde utanfor sentrum når det ikkje er gang- og sykkelveg.	Tørvik

90	1	Tørvikbygd	Spreidd bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Tørvikbygd vert ikkje dette området teke med i kartet som spreidd bustadområde. Det er meir enn tilstrekkeleg areal tilgjengeleg i området rundt skulen og barnehagen. Dei områda bør byggjast ut før ein byrjar å sjå etter nytt areal for bustadbygging lenger vekke frå servicetilboda. Det er og svært uheldig å legge opp til nye bustadområde utanfor sentrum når det ikkje er gang- og sykkelveg.	Tørvik
92	2	Tørvikbygd	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Tørvikbygd vert ikkje dette området teke med i kartet som bustadområde. Vidare utbygging i Tørvikbygd bør skje på vestsida av Fv. 49 der det er barnehage og skule. Her er det og sett av store område til bustad som enno ikkje er regulert eller bygd ut.	Drage/Stekka
112	5	Strandebarm	Spreidd bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Strandebarm vert ikkje dette området teke med i kartet som spreidd bustadområde. Det er ynskeleg å styrke sentrum på Tangerås ved at nybygging av bustader føregår der. Det er og svært uheldig å legge opp til nye bustadområde utanfor sentrum når det ikkje er gang- og sykkelveg.	Engjadalen
124	1	Strandebarm	Spreidd bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Strandebarm vert ikkje dette området teke med i kartet som spreidd bustadområde. Det er ynskeleg å styrke sentrum på Tangerås ved at nybygging av bustader føregår der. Det er og svært uheldig å legge opp til nye bustadområde utanfor sentrum når det ikkje er gang- og sykkelveg.	Børsheim Indre
124	16	Strandebarm	Spreidd bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Strandebarm vert ikkje dette området teke med i kartet som spreidd bustadområde. Det er ynskeleg å styrke sentrum på Tangerås ved at nybygging av bustader føregår der. Det er og svært uheldig å legge opp til nye bustadområde utanfor sentrum når det ikkje er gang- og sykkelveg.	Børsheim Indre
127	10	Strandebarm	Spreidd bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod i Strandebarm vert ikkje dette området teke med i kartet som spreidd bustadområde. Det er ynskeleg å styrke sentrum på Tangerås ved at nybygging av bustader føregår der. Det er og svært uheldig å legge opp til nye bustadområde utanfor sentrum når det ikkje er gang- og sykkelveg.	Børsheim
134	1	Omastrand	Bustad	Etter samla vurdering av behov og tilbod for tomter på Omastrand vert ikkje dette området teke inn i plankartet som bustadområde. Behovet for tomter på Omstrand vert dekka gjennom andre område som er mindre konfliktfylte å byggja ut.	Oma Gjerde Indre

Alle forslag som har vore igjennom KU og ROS er lagt med som vedlegg til planen.

Mange forslag handlar om ulike former for bustadbygging eller moglegheiter for å driva med næringsutvikling på sjøen og på land. På sjøen handlar det mykje om utviding av akvakulturområde, men og om småbåthamner, utfyllingar og fiske. Innspel om fritidsbustadar er nokre stader vurdert som tilleggsnæringar i landbruket (område for spreidd næring), men ikkje som vanlege område med fritidsbustadar. Dei forslaga vart avvist i første runde med utgangspunkt i planprogrammet.

3.11 Plankvalitet

Føresegner

Plan- og bygningslova § 11-9 lister opp kva det kan gjevast føresegner om i kommuneplanen sin arealdel. Føresegnene er samla i eit eige vedlegg til planen, og skal:

- vera konkrete
- ha tydeleg kopling til plankartet
- vera tilpassa detaljeringsnivået i planen
- ha klare målsetjingar

Utbyggingsavtalar

Utbyggingsavtalar regulerer høve som ikkje alltid vert fanga opp av reguleringsføresegner, men kan og utdjupa føresegnene. Utbyggingsavtalar vert inngått mellom kommunen og utbyggjar, og er eit verktøy for å gjennomføra kommunen sin utbyggingspolitikk. Avtalane skal sikra at prosjekta vert bygd ut og ferdigstilt etter intensjonane i kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar. Det kan mellom anna gjelda bygging av vegar, vatn- og avlaupsanlegg som kommunen seinare skal overta for drift, men og parkområde, leikeplassar og friområde. Utbyggingsavtalar kan og seie noko om kor raskt eit område kan byggjast ut, kva rekkefølgje det skal byggjast i og korleis kostnader skal fordelast.

3.12 Konsekvensutgreiing

Om konsekvensutgreiing og risiko-og sårbarheitsanalyse.

Plan- og bygningslova krev at det vert gjort ei særskilt vurdering av verknader for miljø- og samfunn, når det vert utarbeidd planar som set rammer for framtidig utbygging. Kommuneplanen sin arealdel er ein slik plan. Dette vert kalla ei konsekvensutgreiing (KU) av planen. Vidare krev plan- og bygningslova at det vert utarbeidd ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Målet med analysen er å etablera ei systematisk tilnærming til mogleg framtidig fare og uynskte hendingar, slik at nødvendig risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til. Dersom ein gjennom arbeidet med KU og ROS oppdagar at det er risiko for skade på menneske eller miljø, eller at planen har negative konsekvensar, må kommunen synleggjera kva som skal til for at planen kan gjennomførast.

Nye område, definert som «framtidige» , gjeld heilt ny arealbruk lagt inn i denne planen. Desse områda har stort sett gjennomgått eigen KU og ROS. Framtidige område i plankartet kan og gjelda område lagt inn i samsvar med reguleringsplanar vedtatt etter 2006, og for desse områda er det ikkje gjennomført eigen KU og ROS. «Framtidige område kan og gjelda oppdateringar av kartet for å oppnå samsvar med faktisk bruk av området». Desse områda kan ha eigen KU og ROS, avhengig av endringa som har vorte gjort.

Gjennomføring og metode

Alle framlegg til ny arealbruk er gjennomgått. Dette gjeld framlegg frå innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, politiske arbeidsmøte, den administrative prosjektgruppa til rådmannen og etter poltiske vedtak. Det er tatt tak i dei konkrete forslaga, men dei har også vorte utvida og innskrenka i høve til utgangspunktet. Framlegg til ny arealdel er basert på ei samla vurdering av KU og ROS, samt samla trong til nye areal.

KU og ROS i kommuneplanen sin arealdel vert utført på eit grovmaska og overordna nivå, og byggjer på kjent registrert kunnskap. Innhenting av ny kunnskap er avgrensa til det som trengst for å trekkja ein konklusjon. Ved vidare utbygging, område- og detaljregulering, vil det ved fleire høve vera nødvendig å henta inn meir og ny kunnskap for å vurdera verknad av meir konkrete tiltak. Det vert her vist til føresegnene og konklusjonane i KU og ROS som set krav om ytterlegare utgreiingar.

Konsekvensutgreiinga er utført på fylgjande vis:

- Framlegg til ny arealbruk er vurdert i høve til arealstrategiane
    - Senterstruktur
    - Utnytting av LNF-område
    - Industri- og næringsareal
    - Funksjonell strandsone
    - Område for akvakultur
    - Gjennomgang av gamle reguleringsplanar
    - Veg til Tolomarka
    - Hardangertunnel
    - Massedeponi
- Vurdering og verdsetjing av areal
    - Naturverdiar og biologisk mangfald
    - Jord- og skogressursar
    - Kulturminne/fornminne
    - Landskap/grøntstruktur/kulturlandskap
    - Friluftsliv
    - Funksjonell strandsone
- Konsekvensar av ny arealbruk
- Konklusjonar og føreslått arealbruk

I tillegg har fylgjande tema vorte trekt inn og vurdert for kvart einskild områdeder der det har vore relevant.

- Tettstadsutvikling
- Kollektivtransport/gang- og sykkelveg
- Transport
- Folkehelse
- Kommunale tenestetilbod og økonomi
- Born og unge
- Teknisk infrastruktur
- Næringsliv og sysselsetjing
- Universell utforming

4 SVAR PÅ PLANPROGRAMMET

4.1 Folketalsutvikling og trong til bustadareal

I kommuneplanen sin samfunnsdel, vedtatt den 06.10.2015, vert det lagt til grunn at: «Det er forventa ein vekst framover mot 2030 på om lag 1500 nye innbyggjarar.» I høve til desse prognosane er det forventa 9 752 innbyggjarar i 2030 og 10 335 innbyggarar i 2040 i Kvam.

Det er også lagt til grunn ei framskriving på 800 nye bueiningar fram mot 2035 (Hordaland fylkeskommune, aud rapport nr 3.2-15 –bustadbehov).

Overordna mål for bustad – samfunnsdelen:

Kvam herad skal ha eit variert bustadstilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.

Kvam har gjennom fleire år hatt sentralisering inn mot tettstadene Norheimsund og Øystese. Tomtereserven bør difor vera større for desse områda. Norheimsund og Øystese har fleire reguleringsplanar som opnar opp for ein tett sentrumsnær bustadstruktur. Mange av byggjeområda som vart lagt inn i kommuneplanen i 2006 er ført vidare, men fleire av dei som låg utanfor gang- og sykkelavstand til sentrum er teke ut. Trongen til fleire bustadar er basert på fleire ulike tilhøve. Mellom anna kommuneplanen sin samfunnsdel sine prognosar for framtida, ynskje om vekst og utvikling, endringar og trendar i bustadmarknaden, ynskje om å utvikla attraktive bustadområde for fleire befolkningsgrupper og forventa høgare snittalder på befolkninga i kommunen.

I perioden 2010 til 2016 har det i snitt vore sett i gang 32 bustadar pr år, snittet på fullførte bustadar har i same perioden vore 18 bustadar.

I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er det lagt opp til nye bustadar i alle dei tolv områda som er omfatta av eigne grendeutval. Tabellen viser folketalsutviklinga i dei ulike buområda frå 2000 -2018.



Folketalsutvikling i grendene i frå 2000 -2018.

4.2 Senterstruktur

I planen er det lagt opp til ei styrking av Ålvik, Øystese, Norheimsund, Tørvikbygd og Strandebarm i samsvar med vedtatt sentrumsstruktur. I Norheimsund og Øystese er det satsa på bustad, forretning og kontor i sentrum, noko som skal gjera sentrum både meir attraktivt og meir funksjonelt. Gang- og sykkelvegane skal vidare styra utviklinga av bustadområde, med tett utnytting innafor 10 minutt gangavstand. Einebustadane bør i hovudsak plasseast utanom denne sonen. Sentrumsføremåla som er vist, gjev rom for både næring og bustad midt i sentrum.

I Norheimsund er Straumhaugen tatt i bruk som framtidig sentrumsområde, med park, forretning og bustad. Sentrumsbustader er også tatt inn på Viklandet i Øystese. Moglegheitsstudien for Øystese har vore ein viktig premissleverandør for denne løysinga. Gjennomgåande gangløysingar er tatt inn i planen for å skapa betre samanhengar i heile tettstaden. Både privat og offentleg tenesteyting vil verta styrka i samband med gjennomføringa av arealstrategiane for dei to tettstadane. Grøntstrukturane har også komme styrka ut i planen.

I Ålvik er det lagt opp til nye leilegheiter i sentrum. Det er og lagt inn framtidig gang- og sykkelveg til Vikedal, for å knyta saman sentrum og Vikedal.

I Tørvikbygd vert arealet der det tidlegare har vore gartneri, gjort om til framtidig sentrumsområde, med moglegheiter for både bustad og forretning. Det vert også vist nye bustadområde i nærleiken av den nye barnehagen .

I Strandebarm vert det og satsa på utvikling av sentrumsområdet på Tangerås. Området ved skulen vert også vidareutvikla med nye bustadområde og framtidige areal for offentleg tenesteyting. Gang- og sykkelvegsystemet på staden er med på å styrka den utviklinga på Tangerås.

4.3 Utnytting av LNF-område

Jordvernet står sterkt i den nye planen. Landbruk-, natur- og friluftsområde, der landbruk var dominerande i arealdelen i frå 2006, vert ført vidare som omsynssonar. Nye næringar i landbruket, utover det som er mogleg innafor landbruk-, natur- og friluftsområde er styrka i planen. Det er opna opp for utleigehytter på fleire gardar, moglegheiter for forelding av lokalt kjøt, gardsutsal mm.

Det er opna opp for nye område for spreidd bustadbygging i dei bygdene som ikkje er omfatta av bustadfelt. Desse er færre enn i føregåande kommuneplan. Område med frådelte tomter etter vedtak frå kommuneplanen i 2006, er ført vidare, som spreidd bustadbygging. Område som tidlegare har vore vist som spreidd bustadbygging, er nokre stadar vist som bustadområde. Samstundes kan alle noverande bustadbygg i landbruk-, natur og friluftsområde, utvidast med inntil 50 kvadratmeter. Ei slik utviding kan forsvarast utan at det går utover andre kvalitetar på staden og bumiljøet. Desse bygga er definert med gards- og bruksnummer, og vert vist direkte i føresegnene.

Det er og tillate med utviding av utnyttingsgrad på fritidsbustader på inntil 120 kvadratmeter på eksisterande bygg. Fritidsbustader som ligg meir enn 500 moh, her kan det utvidast med inntil 20 kvadratmeter. Fritidsbustader som har eksisterande storleik opp til 50 kvadratmeter, her kan det utvidast med inntil 20 kvadratmeter. Eksisterande fritidsbustader som brenn ned eller der det vert gjort hovudombygging på bygg som er meir enn 120 kvadratmeter, her kan byggast opp att med opphaveleg storleik.

4.4 Industri- og næringsareal

I kommunedelplan for næring og kompetanse for perioden 2015 -2023 er «Fleire lokale arbeidsplassar» eit viktig mål for planen. Kommuneplanen sine arealstrategiar og tilrettelegging for ulike typar areal, er ein viktig reiskap for denne målsetjinga. Tilrettelegging for nye næringar og næringsutvikling, strekkjer seg utover byggeareal for næringsbygg etter plan- og bygningslova.

Kommuneplanen sin arealdel med utvikling av nye sentrumsområde, med moglegheiter både for forretning og kontor, opnar opp for servicenæringar i sentrumsområda. Landbruk-, natur og friluftsområde, med spreidde næringsbygg, opnar opp for nye næringar i landbruket. Tradisjonelle næringar innafor industri- og næringsutvikling, har fått stadfesta sine areal eller dei har vorte utvida, med moglegheiter for vekst og utvikling. Nye tradisjonelle næringsareal har komme til på land og areal for akvakultur er utvida i takt med trongen til større anlegg på sjøen. Styrking av viktige naturområde og grøntstrukturar er med å leggja grunnlaget for nye næringar innafor reiselivet.

I planperioden er nytt næringsareal ved Skarpen (Oddesvik i Øystese) eit viktig grep. Dette vert mellom anna gjort for å avvikla næringsarealet på Evjo i Øystese, for å unngå konflikt i mellom bustad og næring. Utbetringa av fylkesvegen frå Laupsa til Øystese gjer dette området meir eigna no enn det har vore tidlegare. Området som er vist til næringsformål utgjer 30-35 daa.

Sentrumsområda i Øystese, Norheimsund, Tørvikbygd og Strandebarm, er styrka med nye sentrumsføremål. I Øystese er nye areal for kontor og forretning komme til. Nye næringsareal er mellom anna vist i Norheimsund (Sandvendalen), i Øystese (Skarpen) i Steinsdalen (ved Dalen), i Tørvikbygd, i Ljonesvågen, på Bakka, på Mundheim (Hansvågen) og i Gravdal. Nye næringar innafor reiselivet og gardturisme er lagt til på Mundheim, Oma, Strandebarm, Innstranda, Vikøy, Øystese og Steinstø.

4.5 Funksjonell strandsone

Heile strandsonen er kartlagt frå Gravdal til Kjepso. Kartlegginga er gjennomført via kart, flyfoto og synfaring på heile strekkja. Kartlegginga er gjort for å få fram eit meir nyansert bilete av strandsonen enn det tradisjonelle 100-metersbeltet. Den nye grensa strekkjer seg frå fjøresteinane og inntil fleire hundre meter frå sjøen. Kartlegginga er med på å styrka den ubebygde strandsonen, samtidig som den gjev moglegheiter for bygging og fortetting i eksisterande bebygde område som er nærmare enn 100 meter i frå sjøen.

Kartlegginga av den funksjonelle strandsona gjev oss eit godt grunnlag for å ta stilling korleis areala langs sjø skal nyttast framover. Med bakgrunn i den funksjonelle strandsona er områda langs sjøen delt opp i tre hovudkategoriar.

- Område med lite bebyggelse. Desse er vist som LNF-område med byggjegrensa sett lik funksjonell strandsone.

- Område som er dominert av bebyggelse. Desse områda er i stor grad privatisert og bruk av byggjegrenser vil derfor i liten grad auka tilgangen til sjø for ålmenta. Kvam herad meiner difor at byggjegrensa kan setjast i kote 0. Dette grepet opnar opp for å utvikla vidare dei eigedomane som er vist som bustadføremål.

- Område som i liten grad er privatisert. Det er ein klar forutsetnad for ei slik oppmjuking som nemnt over at dei areala langs sjøen som ligg i bebygde område og som ikkje er vesentleg privatisert, ikkje vert bygd meir ned. Desse areala vil verta svært viktige for å sikra attraktive bustadområde når områda rundt vert fortetta. Desse områda er derfor vist som grøntstruktur. Det er viktig å merka seg at fleire av desse områda er avgrensa til ei breidd på kring 25 meter. Dette tilsvarer den byggjegrensa som ligg i gjeldande arealdel til kommuneplanen langs sjø for bustadområde. Grepet med å visa dette arealet som grøntstruktur reduserer dermed ikkje den reelle byggjemoglegheita samanlikna med det som noverande plan opnar opp for. Kvam herad meiner at det er eit tydlegare og meir forståeleg grep for desse områda å styra arealbruken gjennom fastsetjing av arealformål heller enn med byggjegrenser. Framtidige reguleringsplanar må ta stilling til korleis desse grøne lungene langs sjøen skal gjerast tilgjengeleg for ålmenta.

Byggegrensa gjeld framfor eldre reguleringsplanar med godkjent byggeområde til sjø.

4.6 Område for akvakultur

Strukturen på lokalitetane er i stor grad endra i frå planen i frå 2006. Fleire små og ubrukte lokalitetar er tatt ut av planen. Nokre er tatt vare på til utprøving av lukka anlegg, nye metodar eller eventuelle andre artar. Primært har eksisterande sjølokalitetar vorte kraftig utvida der dei er lokalisert i dag. Det er lagt inn ein ny lokalitet, sør for Kvamsøy. Lokaliteten ved Kvamsøy skal mellom anna romma dagens visningsanlegg ved

Steinsø. Lokaliteten ved Steinsø går difor ut i framlegg til ny kommuneplan. Lokaliteten ved Djupevik vert avgrensa til den storleiken som det er gjeve konsesjon til og vert ikkje utvida utover det. Lokaliteten ved Aplavika i Strandebarm, er flytta ut ifrå land, og lokalisert utanfor Lingaholmane.

Eksisterande oppdrettslokalitetar er også styrka med næringsområde på land. Kvar einskild lokalitet har også ein buffersone på 20 m inn i mot land, det det ikkje skal vera tekniske installasjonar, som vanskeleggjer passering med små fritidsbåtar ol.

4.7 Gjennomgang av gamle reguleringsplanar

Tilhøvet i mellom eldre reguleringsplanar og kommuneplanen sin arealdel er gjort etter fylgjande inndeling;

1. Reguleringsplanen skal gjelda fullt ut.
2. Reguleringsplanen skal gjelda, men enkelte område i område i arealdelen overstyrer reguleringsplanen.
3. Reguleringsplanen skal gjelda, men enkelte føresegner i arealdelen overstyrer reguleringsplanen.
4. Reguleringsplanen skal ikkje gjelda. Kommuneplanen overstyrer

Denne inndelinga er vist i tabellform i føresegnene til kommuneplanen.



1. Grøne område =planar der utnyttingsgraden er tilfredsstillande.
2. Gule område=planar der utnyttingsgraden kan endrast.
3. Raude område=planar der utnyttingsgrad manglar.

I Kvam er det mange etablerte bustadområde der det ligg til grunn eldre reguleringsplanar. Reguleringsplanar vert stundom omtala som «ferskvare» og ideelt sett skulle desse difor vore jamleg oppdaterte. Eit resultat av

at mange gjeldande reguleringsplanar er av eldre dato kan verta at det over tid ikkje er samsvar mellom det som planen viser og det som faktisk er bygd ut, eller det som det er ynskje om å byggja ut. Eit tema som ofte går igjen er knytt til grad av utnytting – altså kor stor bygningsmasse som kan førast opp på dei einskilde eigedomane. Avviket mellom den vedtekne graden av utnytting i ein eldre reguleringsplan og trongen/ynskje i dag kan skuldast fleire tilhøve. Det mest nærliggjande er kanskje at det tidlegare var meir vanleg å føra opp mindre bygg. Det kan og tenkjast at fastlegging av utnyttingsgraden ikkje var gjenstand for tunge faglege og konkrete vurderingar og at den då kanskje vart sett for låg i utgangspunktet. Også endringar i definisjon av grad av utnytting og seinare presiseringar av rekneregler gjer det nødvendig med ei oppdatering.

I arbeidet med kommuneplanen er det funne forsvarleg å utvida utnyttingsgraden i mange planar til 40% BRA. Utvidingar utover dette må vurderast gjennom reguleringsplan mellom anna pga bumiljøet. Auka utnyttingsgrad er tatt inn i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Dette gjeld for dei reguleringsplanane som anten manglar grad av utnytting, eller der denne er vurdert som låg. Ny plan går framfor eldre plan, jf. plan- og bygningslova § 1-5, 2. ledd.

4.8 Ny veg til Tolomarka

Det har vore lansert fleire ulike alternativ til veg til Tolomarka. Kommuneplanen 2018 – 2030, legg til grunn å nytta eksisterande Fv- 130. Ulike alternativ har vorte vurdert og forkasta, mellom anna alle som er vist i kommuneplanen frå 2006. Det er og vurdert ny veg frå Skipdalen, men det er vurdert at den vil ha for låg kost-nytte effekt. Erfaringa tilseier og at folk tek den kortaste vegen, noko som vil bli ein belastning på Fv-130. I Øystese har det vore vurdert fleire løysingar. Opprusting av Fv-130 vert vurdert til å vera den beste løysinga.



Det synest vanskeleg å finna ny plass for kryss og vegtrasé frå Fv-7 som ikkje medfører omfattande endringar. Over Norheim har det i kommuneplanen i frå 2006 vore vist to aktuelle traséar. Eksisterande fylkesveg og ein nedre trasé i frå leikeplassen på Norheim og til Kjerrane. Sistnemnte trasé er mogleg, men vil krevja ein del areal og leggja beslag på areal som er aktuelt for bustad.

Det er forprosjektert ein veg med fortau i eksisterande trasé frå Norheimsund til Tolomarka.

I forprosjektet er samla tverrsnitt på ny veg sett til 7,5 m for vegkropp (5 m køyrebane, 2 m fortau og 0,5 m skulder). Noverande fylkesveg har i snitt eit tverrsnitt på 5 meter, men på det smalaste er tverrsnittet nede i 4,5 m. For sving med mindre vinkel enn 90 grader slår slyngparameter inn, dvs at køyrefelt må utvidast både i yttersving og i innersving. Dette er gjennomført i dei svingane som har ein vinkel som er mindre enn 90 grader, der det er mogleg er vegen lagt om litt for og i minst mogleg grad påverke eigedomane opp til Tolomarka. Vegen er dimensjonert for lastebil og køyremåte c (lastebil må nytte begge køyrebanar i kryss).

Trafikkmengde

Kommunen gjennomførde trafikkteljing på Øvre Norheim i juni 2007, då var årsdøgnstrafikk (ÅDT) for tysdag – torsdag på mellom 1200 og 1300. Ei trafikkteljing i 2013 for Norheimsvegen gjennomførd av Statens vegvesen, så ligg denne med ein ÅDT på 1235 bilar, mykje dei same tala som i 2007.

Endringar som i planperioden påverkar trafikkmengda opp til Tolomarka:

- I 2017 vart barnehagen i Tolomarka lagt ned.
- BIR sin avfallstasjon kan vera på flyttefot frå Tolomarka.
- Skytebanen er no flytta til Vangdal, dette kan opna for noko bustadbygging Tolomarka.

Korleis trafikkmengda vert påverka av dette er enno ikkje kjend.

Konsekvensar for dei som bur langs Norheimsvegen

I Sundsvik vert vegen lagd litt meir ut i retning Movatnet enn dagens trasé. I dette området får vegen dei største skjeringane. Maksimal skjering vert omlag 10 m.

Vidare oppover på Norheim kjem vegen tett innpå fleire eigedommar.

For ein del eigedomar må det lagast mur både i nedkant og i overkant av vegkroppen for å få det til å passa i terrenget. Spesielt gjeld dette i området rundt eksisterande leikeplass.

For heile vegen vil det vera utfordringar knytt til avkøyrsler til eigedomane langs vegen. Enten fell dei bort eller blir brattare enn slik situasjonen er i dag. Dette vil i neste runde gje ei utfordring på kor bilane skal parkera. Ved ei detaljprosjektering av vegen opp til Tolomarka vert dette viktige tema. Det må og gjerast ei vurdering på kva side fortauet skal liggja på. Mogleg dette må variera frå høgre til venstre side på deler av strekninga. I forprosjekteringa er fortau lagd på høgre side når ein køyrer opp til Tolomarka.

4.9 Hardangertunnel

Etter at arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har starta opp, er det sett i gang ein eigen kommunedelplan for tunnel i Tokagjelet. I mandatet for arbeidet vert det sett på løysingar frå Steinsdalen til Samnanger. Kommuneplanen overlèt arbeidet med løysing til det pågåande arbeidet med kommunedel-planen.

4.10 Massedeponi

I føregåande kommuneplan frå 2006 og påfylgjande reguleringsplanar vart det nytta mykje massar i frå store infrastrukturtiltak for å utvikla tettstadane i Øystese og Norheimsund. Utfyllingar på Stronde i Øystese og midt i sentrum i Norheimsund er begge gode og samfunnsnyttige tiltak.

Ny kommuneplan har lagt til grunn at det kan fyllast ut meir areal i Øystese til park framfor Hardangerbadet, ny småbåthamn og gjestehamn, nye bustadområde og nye næringsareal. I Norheimsund vil det framleis vera mogleg å fylla ut i samsvar med godkjent reguleringsplan frå Straumbrua til Tolo småbåthamn.

I kommuneplanen er det i samsvar med nye byggeområde sett krav om at matjorda skal takast vare på. Dette gjeld både for utvidinga av næringsområde i Steinsdalen, Sandvendalen, Skarpen og ved nytt areal for offentleg tenesteyting i Øystese og Strandebarm.

4.11 Samla konsekvensar av planframlegget

Dei samla verknadane av planforslaget er vurdert under. Vurderingane er gjort for planframlegget samla sett, for kvart utgreiingstema og opp imot Kvam herad sine eigne arealstrategiar. Som resultat av konsekvensutgreiinga er det fleire føreslåtte bustadområde som ikkje tatt med i planforslaget eller endra for å redusera dei negative verknadane. Dette er det tatt høgde for i vurderinga av samla konsekvensar.

Miljø og klima

Planforslaget har tatt utgangspunkt i at planen i størst mogleg grad skal unngå å bidra til negative verknader for miljø og klima. I Norheimsund og Øystese er det lagt opp til at einebustadar stort sett berre kan byggjast utanfor sentrum og utanfor området definert som 10 minutt gåavstand. Dei områda som ligg innafor 20 minutt sykkelavstand frå sentrum vert rekna som særleg gode område for bustadbygging. Innafor området skal det byggjast vidare på eksisterande infrastruktur, på noverande gang- og sykkelvegsystem og etablerte bustadområde. Bustadområde som ikkje ligg innafor desse områda i sentrale strøk er ikkje tatt med i planen.

Det er lagt opp til utbygging også i grendene med både LNF-spreidd og meir konsentrerte utbyggingsområde. Konsentrert utbygging gjeld spesielt i Ålvik, Tørvikbygd og Strandebarm og delvis på Oma. I område med spreidd bustadbygging er ikkje kollektivtilbodet like godt, men kommunen ynskjer å oppretthalda busetnaden i alle delar av kommunen. Der er ikkje lagt opp til store byggjeområde i arealkategorien LNF-spreidd. Spreidd bustadbygging er lagt i tilknyting til eksisterande infrastruktur og busetnad, og primært til tettstadane.

Offentlege institusjonar vert lokalisert i tettstadane, det gjeld helse- og omsorgsintitusjonar i Øystese, Norheimsund og Strandebarm. Ny vidaregåande skule vert plassert i Norheimsund sentrum

Samla sett vert verknadane for miljø- og klima sett på som relativt låge.

Landbruk (jord- og skogressursar)

Kvam herad er ein viktig landbrukskommune i Hordaland. I samband med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel i 2006 vart det gjort grundige vurderingar av dei beste og mest funksjonelle landbruksområda i kommunen. Områda vart vist som landbruk-, natur- og friluftsområde, der landbruk var dominerande. Områda vert ført vidare med omsynssonar i denne planen Arealstrategiane for planen legg vekt på at

jordvernet skal stå særskilt sterkt i Inf-l område, samstundes som ressursane på gardsbruka skal leggja grunnlaget for gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringar. I arbeidet med KU har kvart einskild forslag vorte vurdert i høve til AR5 (nasjonalt klassifikasjonssystem som skildrar arealressursane)for å identifisere tilstand og verdi på jord, beite og skog. I konsekvensutgreiinga for einskildområde er det sett krav om at matjorda skal takast vare på ved utbygging.

Utgangspunktet for planen er at den skal ha minst mogleg negative verknader for den fulldyrka jorda. For å hindra ytterlegare tap av gode landbruksareal, er det mellom anna satsa på fortetting rundt kommunen sine sentra. Trass i dette, er det i planen føreslått omdisponering av fulldyrka jord, der andre store samfunnsinteresser har talt for at dette er ei nødvendig løysing. Det er mellom anna føreslått utviding av næringsareal i Steinsdalen ved Lid jernindustri, utviding av næringsareal på Sandven, nytt næringsareal ved Skarpen (Oddesvik) og utviding av Hardingsmolt sitt anlegg i Tørbikbygd. Ny areal til offentleg tenesteyting på Tangerås og i Øystese. Alle desse prosjekte vil føre til at fulldyrka jord går tapt.

Det er og føreslått bustadområde både på Kaldestad i Norheimsund, i Steinsdalen og på Oma, som går på bekostning av fulldyrka jord. Det gjeld også for mindre område for spreidd bustad og næring i Ytre Ålvik, Steinstø, Vikøy, Vangdal, Innstranda og i Strandebarm. Fleire område for spreidd bustadbygging er og fjerna, utan at det kompenserer for tap av landbruksareal, opp i mot nye utbyggingsområde

Samla vurdering for landbruket er vurdert til å vera middels negativ.

Naturmangfald (naturverdiar/biologisk mangfald)

I arbeidet med kartlegging og konsekvensar for naturmangfaldet har Kvam herad nytta artsdatabanken.no, naturmiljø.no og miljostastus.no, samt «Kartlegging og verdisetting av naturtyper i Kvam». Det er tatt omsyn til naturmangfaldet undervegs for å tilpassa planen til raudlisteartar, viktige naturområde og dei prioriterte naturtypane i Kvam herad si eiga kartlegging. I Kvam herad si eige kartlegging er kommunen delt opp i «svært viktige», «viktige» og «lokalt viktige» område. I planen frå 2006 var viktige naturområde vist som verna naturområde, område som inneheld spesielle naturfaglege kvalitetar, inngrepsfri natur, viktige viltområde eller kombinasjon av desse, vist som landbruk,- natur- og friluftsområde, der natur var dominerande. Desse områda vert ført vidare som eigne omsynssonar. Verna vassdrag er vist i planen med eigne omsynssonar, naturmangfaldet i og rundt desse vert tatt vare på i planen. Det same gjeld eigne byggegrenser på inntil 30 m langs med utvalde elvar og vatn. Langs med verna vassdrag er det byggjeforbod innafor 100 metersgrensa.

I Nisebergvågen på Neshalvøya er det tatt omsyn til det biologiske mangfaldet. Område for spreidd næringsutvikling har tatt omsyn til verdiane på staden. Movatnet og Øystesevassdraget var vist som natur- og friluftsområde i vassdrag og sjøområde, dette vert ført vidare i ny plan. Naturverdiar i Eidesvågen er og forsøkt sikra ved at strandsona er sett av til naturområde.

Dei samla negative konsekvensane for naturverdiar/biologisk mangfald vert vurdert til å vera svært små.

Landskap (landskap/grøntstruktur og kulturlandskap)

Aurland naturverkstad har på vegne av Hordaland fylkeskommune delt fylket inn i 26 ulike landskapstypar. Femten av desse landskapstypane er å finna i Kvam. Berre eit lite antal av desse vert direkte påverka av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Storforma og alpine fjellmassiv –stor verdi og middels verdi, fjellpartiet i mot Tveitakvitingen og området rundt Fuglafjell

Storkupert hei –middels verdi, området ved Krokavatnet mot Vesoldo og vidare i mot Strandebarm.

Lågfjellet –middels verdi, området aust for Fyksesundet og vidare nordaustover i mot Vossafjella.

Store innsjøar i fjellet -fjellområda nordvest for Fyksesund, og i mot Hamlagrøvatnet.

Lågfjellsdalar over tregrensa –vanleg forekomst av landskap og middels stor verdi, området rundt Kvamskogen, på grensa i mot Samnanger.

Lågfjellsdalar under tregrensa - vanleg førekomst av landskap og middels stor verdi, området i frå Holsete i Strandebarm og i mot Fagrafjell og Kvamskogen.

Fjorddalar og storforma fjordvendte u-dalar –middels verdi, gjeld Steinsdalen.

Botndalar –middels verdi, gjeld i frå Dalsete i Strandebarm, mot Kvammgrø og Såta, og Fitjadalen inn i mot Botnane.

Elvegjel og elvejuv - middels verdi, gjeld i Tokagjelet og Botnadalen og Flatebødalen i Fyksesund.

Elvedal –stor verdi, gjeld Strandadalen.

Sprekkedalar –middels verdi, gjeld Mundheimsdalen.

Åslandskap og skogsåsar –vanleg førekommande landskap og middels verdi, gjeld mellom anna området aust og nordaust for Engjadalen, retning i mot Vesoldo og mot Lauvsete, området frå Innstranda i mot Heradstveit, og området i frå Tolomarka mot Rosseland og mot Øystese og vidare til Melstveit.

Tronge og djupskorne fjordarmar –stor verdi, gjeld Norheimsund og Fyksesundet.

Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar –stor verdi og middels verdi. Stor verdi i frå Neshalvøya til Ljones, og i frå Tørvikbygd mot Fyksesund. Middels verdi i frå Fyksesund til kommunegrensa i mot Granvin.

Middels breie fjordløp -middels verdi, gjeld i frå Ljones og i mot Vikøy.

I tillegg til den ovanfornemnte inndelinga er det nytta lokalkunnskap når den samla vurderinga for kvart område er gjort. I vurderingane er viktige grøntsrukturar tatt med som ein del av vurderingskriteria.

Alle nye byggeområde som er tatt med i planen er vurdert i høve til landskap. I utgangspunktet er mange av dei nye byggeområda vurdert til å ha ein svært liten påverknad av dei ovanfornemnte landskapsromma. Samstundes kan den lokale verknaden for landskapet vera større enn for dei nemnte landskapsinndelingane. Det har vore ynskjeleg å endra landskapet minst mogleg med heilt nye tiltak. I strandsonen er det primært bygd vidare på noverande bebygde område. Nye naust og hytteområde er ikkje tatt inn i planen. Det er heller ikkje gjort store endringar i høve til nye småbåthamner. Nye småbåthamner er vurdert, men det er stort sett tatt inn utvidingar av eksisterande hamner, både i Norheimsund, Øystese og i Strandebarm. Det er lagt inn eit trafikk-knutepunkt i sjø i Norheimsund, ligg som kombinert føremål farlei og hamn. Dei største verknadane for landskapet kjem i frå utvidinga av oppdrettslokalitetane ved Lingaholmen, Saltkjelen og Tveitnes.

Nye næringsområde er ikkje vurdert til å ha spesiell negativ påverknad av landskapet. Unntaket er nytt næringsområde i Hansvågen på Neshalvøya. I arbeidet med reguleringsplan og konsekvensutgreiing, kom

dei største negative utslaga på kulturmiljø og landskap. Reguleringsplanen er ført vidare i kommuneplanen sin arealdel.

Dei samla vurderingane er vurdert til å vera relativt små når det gjeld negative konsekvensar for landskapet i Kvam.

Friluftsliv

I kommuneplanen frå 2006 var alle holmar og skjer, samt andre viktige område langs med fjorden tatt inn som landbruk-, natur- og friluftsområde med ekstra vekt på friluftsliv. Desse områda vert ført vidare med omsynssonar for friluftsliv. Dette er med på å sikra kvalitetar for friluftslivet i strandsonen, for bading og opphald i og ved sjøen.

I arbeidet med Kvam herad sin plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, 2017 – 2027, er dei viktigaste friluftsområda kartlagt og verdivurdert. Arbeidet er godt i gang, og dei viktigaste friluftsområda vert tatt inn i planen med omsynssonar med vekt på friluftsliv. Dette gjeld både nærfriluftsområde og område høgare til fjells, og til sjøs. Ny plan har forsterka Tolomarka som nærrekreasjonsområde for folk i Norheimsund og i Øystese.

Det er ikkje lagt nye byggeområde i område som kjem direkte i konflikt med friluftslivet.

Dei samla verknadane for friluftslivet vert vurdert til å vera positive.

Kulturminne/fornminne

Kvam herad er rik på kultur- og fornminne. Å forvalta desse på ein god måte er eit felles ansvar, og for få dette til har kommunen sett i gang arbeidet med ein eigen kulturminneplan. Arbeidet er undervegs, men er ikkje ferdig når kommuneplanen sin arealdel vert lagt ut på høyring. Kommunen har fleire område som er vist som bevaringsområde etter plan- og bygningslova. Desse områda er ikkje vist spesifikt i kommuneplanen, men inngår i kvar einskild reguleringsplan. Dette gjeld mellom anna ei naustrekkje i Vikøy, ei gammal sjøbu i Mundheim sentrum og «Byen» i Ålvik sentrum. I kommunedelplan for Norheimsund vest i frå 2003 er det vist retningsliner med skravur for område med kulturhistorisk verdi som temakart, desse vert ført vidare som retningsgjevande.

Kulturminneplanen ligg på høyring no med høyringsfrist 15.06.2018. Målet er at viktige kulturmiljø kan få eigne omsynssonar før endeleg vedtak av kommuneplanen sin arealdel.

Alle nye område i planen er vurdert opp i mot SEFRAK, bygg frå før 1900 og Askeladden, Riksantikvaren sin offisielle database. Fleire SEFRAK-bygg ligg innafor nye byggeområde i planen. Dette vert ikkje vurdert til å ha nokon stor negativ konsekvens for kultur- og fornminne i Kvam.

Bygging og utviding av Øysteseheimen er i konflikt med den gamle kyrkjestaden i Øystese, som er automatisk freda. Kyrkjestaden og kyrkja vart riven og flytta i 1868.

Samla sett er dei negative verknadane for kulturminne/fornminne vurdert til å vera relativt små.

Folkehelse

Generelt har folk som veks opp i Kvam god helse og gode oppvekstvilkår. Planen skal byggja opp under moglegheitene for at det fortsatt skal vera slik. Bukvalitetane skal ikkje verta forringa med uheldige samlokaliseringar mellom bustad og næring, eller støy og støv i frå høgt trafikkerte område. Det skal vera god tilgang på ute- og opphaldsareal der folk bur, utan at det skal vera trafikkfarleg eller på anna vis vera vanskeleg å komma til frilufts- og rekreasjonsområde. Bustadområda skal vera skjerma og opplevast som trygge og gode for innbyggjarane.

Det er sett av areal til å skapa møtestader i lokalsamfunna og lagt vekt på at alle innbyggjarane i Kvam skal ha tilgang til tur- og gangvegar og friluftsområde innanfor 500 m frå bustaden sin. Gode/trygge gang- og sykkelvegar frå bustadområder til skular, barnehagar og andre offentlege institusjonar har vore ein viktig faktor i arbeidet.

I Tolomarka er delar av byggjeområda fjerna og erstatta med grøntstrukturar for å gjera området endå meir attraktivt til nærrekreasjon.

Alle bustadområde i Kvam skal har god tilgang på uteområde, slik at det er mogleg å opphalda seg i frisk luft og driva med fysisk aktivitet. Dette vert innarbeidt i kvar einskild reguleringsplan.

I planen har det vore eit mål å unngå konflikter mellom bustad og næring. Dette gjeld tilhøvet til både transport og støy. I samband med nytt næringsareal ved Angershaug i Tørvikbygd, vert det lagt inn grøne buffersonar i mellom bustad og næring. Ved nytt næringsareal i Skarpen (Oddesvik), vert planlagt bustadareal tatt ut av planen. I Øystese, på Evjo, er det lagt opp til arealkrevande forretningar og ikkje støyande næringar, mellom anna for å betra bumiljøet.

Alle nye tiltak er vurdert opp i mot støy i frå det eksisterande støyvurderingar i frå skytebanen i Vangdalsåsen og fylkesvegane i heile kommunen. I samband med ny skytebane i Vangdalsåsen vert skytebanane i Tolomarka, i Tørvikbygd, Strandadalen og Melstveit avvikla. Noko som betrar bumiljøa i desse områda.

Når det gjeld nye bustadområde som ligg nær fylkesvegane skal det gjennomførast grundigare støyvurderingar i samband med regulering. Næringsareal som ligg innafor 55 dB langs fylkesveg, her skal det ikkje leggjast til rette for bygg der folk skal opphalde seg over tid.

Samla konsekvensar for folkehelsa vert vurdert til å vera positiv.

Born og unge sine oppvekstvilkår

Trygge og gode oppvekstvilkår er viktig for å sikra trivnad og fysisk aktivitet for dei unge. Planen byggjer opp om moglegheitene både for organiserte og uorganiserte aktivitetar.

Dei sentrale idrettsanlegga i Ålvik, Øystese, Norheimsund, Tørvikbygd og Strandebarm, vert ført vidare. I Øystese vert anlegget styrka midt i sentrum, i staden for å flytta det i utkanten av sentrum. I Norheimsund vert areal til ny aktivitetspark på Haugamyr sikra. Idrettsanlegga ligg i kort avstand til bustadområda, samt barnehage og skule på desse stadane.

Nye bustadområde er plassert relativt nær skule for å sikra trygge og gode gang- og sykkelvegmoglegheiter. Uansett, med kommunen sin skulestruktur, så må nokon i buss for å komma seg trygt til skulen. I arbeidet med kommuneplanen er forslag om bustadområde utelate mellom anna fordi dei manglar trygg gang- og sykkelvegar.

Viktige badeområde og andre nærrekreasjonsområde er ført vidare. Områda er svært viktige for uorganisert og spontan bruk for born og unge.

Med fortetting fylgjer også press på grøne areal for born og unge. Forslag til fortetting er avvist på grøne areal sentralt i Øystese og Norheimsund. I Tolomarka er til dømes delar av byggeområdet fjerna og erstatta med grøntstrukturar.

Det er teke inn i føresegnene at i nye bustadområde skal ha leikeareal og andre areal for uteopphald, ha høg kvalitet og god plassering for aktivitet og leik.

I høve til samla vurdering for barn og unge, så vert dei vurdert til å vera relativt uendra.

Akvakultur

Oppdrettsnæringa har trong til endring på struktur og arealstorleik. Næringa utviklar seg raskt og trongen til areal endrar seg også rakst. Fleire av dei noverande lokalitetane i fjorden har utvida seg via dispensasjonssøknader og ikkje via plan. I rullering av kommuneplanen sin arealdel har det kome fleire innspel frå næringa på aktuelle lokalitetar og utviding av eksisterande lokalitetar. Nokre lokalitetar er tatt ut av planen, andre lokalitetar ligg som eit potensiale for utprøving av ny teknologi og nye typar utnytting av ressursane i sjø. Den samla konsekvensutgreiinga tek for seg nye lokalitetar og utviding av dei eksisterande.

Område for marint vern

Oppretting av marine verneområder er ein viktig del av ei økosystembasert forvaltning, og skal mellom anna bidra til å hindra tap av naturmangfald, sikre ressursgrunnlaget og ta vare på eit representativt utval av undersjøisk natur for kommande generasjonar og som referanseområder for forsking og overvaking. Miljødirektoratet har levert ei tilråding på 36 områder for marint vern i Norge, jf. kartet under.



Fig. : Kart over tilrådde område for marint vern

Det ligg ikkje inne forslag om områder for marint vern i sjøareala til Kvam herad. Ingen akvakulturanlegg vil kome i konflikt med marint vern.

Koralrev og arktiske artar

Dei norske korallreva er stort sett av ein art som heiter *Lophelia pertusa*. Det har vore kjent i fleire hundre år at Noreg har korallrev, men det var først når ein fekk fargevideo på ubemanna miniubåtar i samband med oljeindustrien at ein fikk sjå kor store og flotte reva er. Havforskningsinstituttet har registrert områder med funn av korallrev på utsida av Ljoneshalvøya. Desse er kartfesta i mareano.no/kart, områda er også lagt inn som naturmangfald i sjø i forslag til kystsoneplanen for Sunnhordaland og ytre Hardanger.

Fig. : Områder for korallar er vist som oransje prikkar, henta frå mareano.no/kart

Akvakulturområde føreslått i kommuneplanen

Rådgjevande biologar har på oppdrag frå akvakulturnæringa arbeidd med konsekvensar for natur, miljø og friluftsliv i samband med næringa sine innspel til planen. Dette arbeidet er teke med som ein del av vurderingane for dei samla konsekvensane for nye og utvida område for akvakultur. Omfanget av kvar einskild lokalitet som vert omtalt i planomtalen, er det omfanget som er lagt inn for denne planperioden og som då er ei utviding i høve til planen i frå 2006.

Tveitnes

Lokaliteten ligg mellom indre og ytre Ålvik i indre Samlafjorden. Djupna ligg på ca. 90 – 180 m. Lokaliteten har vore i drift sidan 2010 og er godkjend for maksimal tillaten biomasse (MTB) på 2340 tonn. Utvidinga er på 160 daa. Overflatestraumen og vassutskiftningsstraumen er klassifisert til svært sterk for dette området. Analyser av miljøverknadene på sjøbotn indikerer at lokaliteten brukar tid på rehabilitering og tilstanden rekk akkurat å hamne innanfor god stand etter pause i utsettet.



Ingen registreringar i naturbase.no eller artsdatabanken.no. Lite direkte konflikter med registrerte naturverdiar ved akvakulturlokaliteten.

Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva og Tørvikelva. Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærliggjande vassdraga i Kvam.

Friluftsinteressene er vurdert til å vera av lokal karakter og konfliktane med friluftsinteressene er vurdert til å vera relativt små.

Djupevik

Lokaliteten har djupne frå 100 til 300 meter. Botntopografien skrånar vidare ned til 800 meter mot midten av Indre Samlafjorden. Lokaliteten har vore i drift sidan 2010 og er godkjend for ein MTB på 1560 tonn laks. Området blir utvida med litt under 160 daa i søraust og sør. Lokaliteten ligg skjerma mot nordlege vindar og dels mot vest, og er noko eksponert for vindar frå sør og aust. Det er ingen tersklar eller grunne sund i nærleiken til lokaliteten. Anlegget har god overflatestraum og vassutskiftingsstraum med ein dominerande straumretning mot nordnordaust og sørsørvest. Spreiingsstraumen på 60 meters djupn er rekna som svak i følgje målingar. MOM-B (MOM=matfisk-overvaking-modellering) gransking viser at lokaliteten har dårleg miljøtilstand under anlegget. Prøvar viser også at lokaliteten ikkje har vore skikkeleg rehabilitert mellom utsett. Lokaliteten har dei siste åra hatt eit gjennomsnittleg tal vaksne holus per fisk på 0,14.

Ingen registreringar i naturbase.no eller artsdatabanken.no. Lite direkte konflikter med registrerte naturverdiar ved akvakulturlokaliteten.

Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva og Tørvikelva.

Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærastliggjande vassdraga i Kvam.

Friluftsinteressene er vurdert til å vera av lokal karakter og konfliktene med friluftsinteressene er vurdert til å vera relativt små.

Vardaneset

Tareproduksjon i Steinstø skal nyttast til næringsmiddel- og kosmetikkindustrien.
Det skal dyrkast sukkertare, stortare, butare, blæretare og søl. Driftsforma er eit bøyestrekkanlegg for dyrking av makroalgar. To lokaliteter for dyrking av tare og ein produksjonslokalitet på land for bearbeiding av produkta.
Det skal dyrkast tare frå oktober til mai, tarestrengene blir trekt opp på land frå juni til september.

Lite direkte konflikter med natur og friluftsinteresser. Område med lokal båttrafikk.

Kvamsøy

Visningssenteret ved Steinstø blir teke ut av kommuneplanen og erstatta med eit akvakulturanlegg sør for Kvamsøy. Området som er sett av i arealdelen har ei sjødjupn på 400-500 meter og gode straumforhold. Hardanger Akvasenter har som formål å opplyse publikum om oppdrettsnæringa. Anlegget ved Steinstø har hatt eit stabilt besøkstal på i underkant av 5000 pr. år. Næringa meiner at dagens visningsanlegg har avgrensande moglegheiter for vidare drift og utviding. Med eit akvakulturanlegg sør for Kvamsøy, så kan næringa etablere eit nytt og moderne fullskala visningsanlegg.

Lite direkte konflikter med natur og friluftsinteresser. Område med lokal båttrafikk.

Saltkjelen



Dette er ein eksisterande lokalitet som vert utvida med 314 daa. Anlegget ligg ope og eksponert til mot ver i retning nordaust-sør men ligg godt i le mot ver og vind av fastlandet i retning sørsørvest-nordnordaust. Under anlegget er det ei djupn på ca. 130 – 330 m. Lokaliteten har vore i drift sidan 1985 og er godkjend for ein MTB på 3120 tonn. Området har middels sterk straum. Det er gjennomført undersøkingar i sjøgrunnen, som viser god tilstand under anlegget, med unnatak av når anlegget har høgast produksjon. Lokaliteten har god rehabiliteringsevne og miljøtilstand vert raskt betra etter brakklegging. Saltkjelen kjem ikkje i konflikt med skipstrafikk.

Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva, Tørvikelva og Jondalselva.

Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærastliggjande vassdraga i Kvam.

Området er viktig for lokal båttrafikk og på land er det naturreservat i Vangdalsberget og landskapsvernområde i Stekka. Noko høgare konflikt med natur- og friluftsinteressene enn fleire av dei andre lokalitetane i Kvam.

Ljonesbjørgene



Dette er ein eksisterande lokalitet som vert utvida med 80 daa. Anlegget ligg med ei djupn på 370 – 500 meter. Anlegget ligg skjerma til frå vest og dels frå nord. Det er ingen tersklar eller grunne sund i nærleik av lokaliteten. Lokaliteten har vore i drift sidan 1994 og er godkjend for ein MTB på 3120 tonn. Lokaliteten har god overflatestraum, vassutskiftingsstraum og spreiingsstraum. Det er gjennomførd undersøkingar i sjøgrunnen som viser god tilstand under anlegget med unntak av når anlegget har høgast produksjon. Lokaliteten har god rehabiliteringsevne og miljøtilstand blir raskt betra etter brakklegging. Anlegget vil verta større og komma nærmare hovudvekta av skipstrafikk. For å tilpassa seg farleden er utvidinga av lokaliteten justert i løpet av planprosessen. Kystverket har vore del av denne vurderinga.

Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva Øysteseelva, Steinsdalselva, Jondalselva, og Tørvikelva.

Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærastliggjande vassdraga i Kvam.

Lite direkte konlikter med naturverdiar og friluftsliv på staden.

Ljonesvågen



Anlegget har tidlegare vore eit smoltanlegg på land. No skal området utviklast slik at dei har heile verdikjeda frå smolt til matfisk. Området blir utvida på land og i sjø. Utvidinga i sjø er på ca 18 daa. Tanken med dette anlegget er å utnytte ny teknologi som baserer seg på eit lukka system i sjø, der det er eit ynskje om å atvinna energi i laksemøk. Det er utarbeidd to rapportar for dette området, ein som tek for seg status for villfisk i Ljoneselva per 2016 (Rådgivende biologer AS) og ein rapport for miljøundersøking på sjø (Multiconsult). Ljoneselva har eit relativt lite anadromt areal, det er ikkje venta at små elvar har eigne sjøaurebestandar, små elvar kan vere viktig bidrag til meta-populasjon av sjøaure i eit fjordområde. Ljoneselva har eit potensial for sjøaureproduksjon som er større enn dagens tilstand. Det er fleire grunnar til at produksjonen ikkje er større, ei årsak er at sjøaurebestanden har vore mindre for midtre Hardangerfjord ei anna årsak er lokale forhold i Ljoneselva. Overgjødsling i samband med utslepp av fôrrestar frå settefiskanlegget i 2014 kan ha bidrege til redusert rekruttering. Miljøundersøkinga gjennomført av Multiconsult viser at det ikkje er påvist forureining av sjøbotn.

Artsdatabanken.no og naturbase.no viser at det er eit relativt stort naturmangfald i Ljonesvågen. Regulert friområde i Skeljavika. Relativt store konflikter med natur og friluftsliv. Utbygginga vil ha konsekvensar for begge deler.

Aplavika/Lingaholmane

Eksisterande anlegg skal flyttast til nytt areal for akvakultur. Det nye anlegget vil ha eit areal på 200 daa. Anlegget vil liggja sør-søraust for det eksisterande anlegget. Anlegget vil ikkje vera i konflikt med hovudvekta av trafikken på fjorden. Dei fleste seglar med kompasskurs på nordaust eller sørvest for området. Sjølv om anlegget vert liggjande i kvit sektor for nokre lykter så ligg trafikken i ein avstand på ca. 1700 meter.

Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva , Øysteseelva, Steinsdalselva, Jondalselva og Tørvikelva.

Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærastliggjande vassdraga i Kvam.

Holmane på Linga har viktige friluftskvalitetar og området er relativt mykje nytta av småbåtar.

Bakka

Utviding av akvakulturanlegg på Bakka er i tråd med nyleg vedteken reguleringsplan for området. Det er gjennomført marin konsekvensutgreiing for området. Akvakulturområdet gjeld merdar i samband med fiskeslakteriet og fisk vert ikkje fora i dette området. Det er gjort fleire undersøkingar under sjø for dette anlegget, det er ikkje funne avvik frå miljøverdiane etter standarden og sjøbotn har eit normalt dyre- og planteliv.

Dysvik

Dette er eit eksisterande anlegg som vert utvida med ca. 36 daa. Lokaliteten har vore i drift sidan 1973 og er godkjend for ein MTB på 1560 tonn.

Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva, Jondalselva og Tørvikelva.

Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærastliggjande vassdraga i Kvam.

Store Dysvikholmen er sikra statleg friområde, ligg i underkant av 400 m i frå lokaliteten.

Små direkte konflikter med naturverdiane på staden. Mindre konflikt med det lokale friluftslivet pga Store Dysvikholmen.

Teigland

Eksisterande anlegg vert utvida med litt over 131 daa. Straumforhold 5 meter under var gjennomsnittleg straumfart definert som sterk og på 15 meter som middels. Anlegget har størst vindbelastning i nordaust og aust.
Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva, Tørvikelva og Jondalselva.

Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærastliggjande vassdraga i Kvam.

Små direkte konsekvensar for natur og friluftsliv.

Furhovde/Sagvik

Eksisterande anlegg vertutvida med litt over 25 daa. Anlegget har i dag konsesjon på 2340 tonn biomasse. Ligg i Øynefjorden, djup og stor resipient



Sagvika er ein open lokalitet med mykje straum, og tilhøva for oppdrett er såleis gode. Lokaliteten har vore gjennom miljøundersøking der anlegget får verdien 1 som tilseier ein akseptabel tilstand. Anlegget vert brakklagd annakvar sommar.

Sagvika har ein stor eksponering med omsyn til bølgjer og lite belasta med omsyn til straum. Lokaliteten grenser ikkje til trafikkerte ruter. Undersøkingar viser at det er lite primærsedimenter under og rundt lokaliteten. Det er gode straumforhold under vatn for området der anlegget ligg, målingar viser sterk til svært sterk straum.

Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva, Jondalselva og Tørvikelva.

Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærastliggjande vassdraga i Kvam.

Små direkte konflikter og konsekvensar for natur og friluftsliv.

Bergadalen

I området for Bergadalen ligg det to eksisterande areal som også låg inne i kommuneplanen i frå 2006. Anlegget i sør er utvida med 30 daa. Dette er vist som akvakulturområde med kode framtidig. Lokalitetane er godt beskytta for vind og bylgjer frå dei fleste retningane , men er noko eksponert for sørlege vindretningar og dels frå nord-nordaust. Ei utviding vil føra til at delar av anlegget kjem ut i kvit sektor av Bondesund lykt og kjem nærmare trafikken gjennom Øynefjorden. Det er generelt lite trafikk i Øynefjorden, eksisterande trafikk er i stor grad til oppdrettsanlegg. Hovudtrafikken går på andre sida av Varaldsøy. Det må leggjast ein omsynssone rundt anlegget på 1.5 km til oppankringspunkt.



Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva, Tørvikelva og Jondalselva.

Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærastliggjande vassdraga i Kvam.

Få direkte konflikter og konsekvensar for friluftslivet på fjorden. Naturkvalitetar på land, med høge verdiar, mellom anna Geitaknottane naturreservat og registreringar av trua artar på land.

Samla konsekvensar for utviding av akvakulturområde

Kommuneplanen sin arealdel legg opp til at eksisterande verksemder skal kunna utvikla seg vidare. Det er derfor lagt inn utvidingsmoglegheiter for akvakulturnæringa. Det meste skjer i form av utviding av eksisterande anlegg, flytting av nokre få anlegg og nokre områder for utprøving av nye former for havbruk og teknologi. Lokaliteten ved Kvamsøy er lagt inn som erstatning av visningslokaliteten i Steinstø. Kvamsøylokaliteten er lagt inn med ein storleik som mogleggjer visningsanlegg som del av eit ordinært produksjonsanlegg. Arealdelen legg òg opp til utprøving av nye driftsmåtar og nye artar t.d. i form av botnlokalitetar og område for tang- og tareproduksjon.

Anlegga som ligg inne i kommuneplanen er vurdert ut frå m.a. omsyn til friluftsliv, skipstrafikk og naturmangfald.

I høve til friluftsliv er det arbeidd med å finna plasseringar og avgrensingar av akvakulturanlegga slik at dei ikkje råkar friluftsinteressene i vesentleg grad. Det er sikra ein sone langs land der evt. slangar, ledningar og anna infrastruktur må leggjast slik at dei ikkje skal vera til hinder for alminnelege framkomst. Kvamsøylokaliteten er plassert med ein avstand til Kvamsøy slik at tilkomst og bruken av øya til rekreasjonsformål ikkje skal verta avgrensa. Dette saman med at lokaliteten i Steinstø er tatt ut av planen, meiner rådmannen at dei samla konsekvensane for friluftslivet er akseptable.

I høve til skipstrafikk er det vektalagt at ingen anlegg skal redusera framkomst i hovudfarledene. Somme anlegg ligg i kvit sektor. Det vil seia at dei ligg i reint farvatn kva gjeld trygg ferdsel. Dette er mellom anna tilfellet for Ljonesbjørgene. Her har det vore dialog med Kystverket for å finna ei plassering som er tilrådeleg. Gjennom føresegnene til arealdelen er det sikra at evt. tiltak for å forankra akvakultruanlegg som går utanfor området sett av til formålet akvakulturanlegg må liggja lågare i vasstrengen en 25 meter slik at framkomsten ikkje vert hindra. Konsekvensane for skipstrafikk vert ut frå dette vurdert til å vera små.

Arealdelen set av kvar akvakulturanlegg kan etablerast forutsett at det vert gjeve konsesjon for drift. Gjennom handsaming av konsesjon vert det stilt krav om tekniske innretningar og fiskehelse. Vidare vert det vurdert om lokaliteten er eigna til den produksjonsmengda som det er søkt om i høve til botntopografi og resipientundersøkingar. Desse opplysningane vert òg lagt til grunn for å gjera vurderingar knytt til naturmangfaldet.

Anlegga i Kvam ligg alle relativt nært opp til anadrome vassdrag og ligg i utvandringsruta for laksesmolt inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei nærliggjande vassdraga i Kvam.

Ved plassering av akvakulturanlegg er det tatt omsyn til registreringar knytt til naturmangfaldet, jf. òg kystsoneplanen. Dei foreslåtte lokalitetane vert ikkje vurdert å koma i konflikt med utvalgte naturtypar eller utvalgte artar som er knytt til dei spesifikke områda der det er vist lokalitetar for oppdrettsanlegg. Kvam herad meiner at det ikkje er kome fram opplysningar som tilseier at den samla konskvensen av akvakulturanlegg vil utgjera ein vesentleg skade på naturmangfaldet.

Det at det vert sett av større område til akvakulturanlegg vil ikkje i seg sjølv ha uheldig innverknad på miljøet. Dersom ikkje den samla produksjonen aukar monaleg vil større område sett av til formålet føra til mindre press på naturmangfald under sjø og større områder for spreiing av organisk tilførsel på sjøbotn.
Når det gjeld den samla påverkinga på naturmangfaldet

Akvakulturområda er lagt lengre ut frå land slik at gjennomstrøyminga skal verta betra, noko som gjev betre fiskevelferd i merdane og den organiske tilførselen spreier seg over større område, og presset på sjøbotn under anlegget vert mindre. Det har også vorte peika på at ei utviding av areala og modernisering av anlegga, vil gje større merdar og betre miljøforhold for fisken, og lågare risiko for sjukdom. Noko som og fører til mindre bruk av medisinar. Større anlegg vil også verta utfordra i høve til vind og bylgjer, noko som det er peika på i ROS-analysen. Større anlegg kan føra til at det vert fleire fisk som rømmer om uhellet skulle vera ute

Rådmannen meiner at det ikkje er kome fram opplysningar som tilseier at den samla konskvensen av akvakulturanlegg vil utgjera ein vesentleg skade på naturmangfaldet. I denne vurderinga spelar det òg inn at før utviding eller nyetablering må det gjevast konsesjon og at det i den samanheng vil vera krav om meir kunnskap knytt til produksjonsvolum, resipientforhold med meir.

Nokon anlegg kan og vera av ein slik storleik og kompleksistet at det vil vera naturleg å utarbeida reguleringsplan før etablering. Ein reguleringsprosess vil gje eit godt grunnlag for å vurdera omfang av etableringa og stilla nødvendige krav til installasjonar, drift og liknande.

Samfunnstryggleik

I den overordna ROS-analysen er dei viktigaste tema havnivåstigning, skred-og flaumutsette område, samt sikring av bustadar og eigedomar der nedbørsintenistet kan vera ein fare. Dette gjeld spesielt eldre byggefelt. Eit framtidig byggeområde i Sundsvik, ifrå 2006 planen, er fjerna pga stor rasfare.

Det mest sentrale tema i dette arbeidet er tilhøvet til potensiell rasfare, samt tilhøvet til trafikksikring og trygge gang- og sykkelvegar for dei mjuke trafikantane. I nokre område bør radon vera eit aktuelt tema før vidare planlegging og utbygging. Flaumsonekart for Øystese legg til grunn ei ekstra varsemd i høve til flaum og springflo.

Føresegnene i planen sikrar at det vert tatt omsyn til samfunnstryggleiken i vidare arbeid og planlegging.

Planforslaget fører i liten grad til auka risiko.

4.12 Risiko og sårbarheitsanalyse

Samfunnstryggleik

Kvam herad vedtok i 2015: *«Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvam herad».* Analysen er eit overordna styringsdokument i høve til planlegging. ROS-analysen har som mål å avdekka og førebyggja uynskte hendingar i Kvam. Det er ikkje mogleg å fjerna all risiko, men det er viktig at kommunen og andre klarer å identifisera risiko og ha eit medvete forhold til korleis me best mogleg kan førebyggja.

Kommuneplanen sin arealdel skal ha ein risiko- og sårbarheitsanalyse i medhald av plan- og bygningslova § 4-3. Å gjennomføra ein ROS-analyse vil sei å kartleggja uynskte hendingar, dvs hendingar som inneber fare for menneske, miljø, materielle verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Risiko vert definert som ein funksjon av sannsyn og konsekvens.

Heradsstyret har vedteke fylgjande kriteria og matrise for ROS-analyse i Kvam.

Liv og helse

			Ingen eller få små personskader, 0-2 personer med omsorgsbehov	Personskade kan forekomme, fråver avgrensa til bruk av eigenmelding, 2-3 personar med omsorgsbehov	Personskader som medfører sjukemelding og lengre fråver, 3-5 personar med omsorgsbehov	Alvorlege (varige) personskader og inntil 3 omkomne. 5-10 personar med omsorgsbehov	Inntil 10 døde, og/eller meir enn 20 alvorlege skadde, 10-20 personar med omsorgsbehov	Meir enn 10 døde og/eller meir enn 20 alvorleg skadde, >20 personar med omsorgsbehov	
SANNSYN	Særs sannsynleg	S6							Meir enn ein hending kvart 20. år
	Mykje sannsynleg	S5							Mindre enn ein hending kvart 20. år, men mindre enn ein hending kvart 100. år
	Sannsynleg	S4							Mindre enn ein hending kvart 100. år, men mindre enn ein hending kvart 200. år
	Noko sannsynleg	S3							Mindre enn ein hending kvart 200. år, men mindre enn ein hending kvart 1000. år
	Lite sannsynleg	S2					3		Mindre enn ein hending kvart 1000. år, men mindre enn ein hending kvart 5000. år 1
	Usannsynleg	S1							Mindre enn ein hending kvart 5000. år 2
			K1	K2	K3	K4	K5	K6	
			Ubetydeleg	Liten	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt	
			KONSEKVENS						

1 Sårbare objekt: (hotell, institusjonar, blokker osv. med permanent tilhold for meir enn 10 personar) skal ikkje utsettast for større årleg nominell sannsyn for ras enn 1/5000. (I denne samanheng forventast det per definisjon at ras medfører tap av menneskeliv!)

2 Byggverk av nasjonal eller fegional betydning for beredskap og krisehandering (regionsykehus, andre beredskapsinstitusjonar etc.) skal ikkje plasserast i risikoutsette område. Det same gjeld verksemder som er, eller kan blir omfatta av storulykkesforskriften (verksemder kor det framstilles, nyttast, handterast eller lagring av farlege stoff)

3 Iht. TEK10 skal denne cella vere ful, men logikken tilseier at den må vere rød dersom ein ser på faktisk gjennomsnittleg årleg tap av liv

Miljø

			Ingen eller ubetydelige skade på ytre miljø	Mindre skader som naturen sjølv utbetrar på kort tid. Noko uønska utslepp	Miljøskade av stort omfang men middels alvorleg, eller skade av lite omfang, men med høg grad av alvor	Store miljøskader som det vil ta lang tid å utbetre (fleire tiår. Artar og naturtyper kan forsvinne)	Langvarig, og i verste fall varig alvorleg skade på miljøet (rødliste artar og naturtyper forsvinn, bestand kraftig redusert)	Varige og alvorlege miljøskader av stort omfang (alvorleg skade, på td. Vatn/vassdrag, med konsekvensar for eit større utslagsområde	
SANNSYN	Særs sannsynleg	S6							Meir enn ein hending kvart 20. år
	Mykje sannsynleg	S5							Mindre enn ein hending kvart 20. år, men mindre enn ein hending kvart 100. år
	Sannsynleg	S4							Mindre enn ein hending kvart 100. år, men mindre enn ein hending kvart 200. år
	Noko sannsynleg	S3							Mindre enn ein hending kvart 200. år, men mindre enn ein hending kvart 1000. år
	Lite sannsynleg	S2							Mindre enn ein hending kvart 1000. år, men mindre enn ein hending kvart 5000. år 1
	Usannsynleg	S1							Mindre enn ein hending kvart 5000. år 2
			K1	K2	K3	K4	K5	K6	
			Ubetydelig	Liten	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt	
			KONSEKVENS						

Økonomiske verdier/produksjonstap

			Små eller ingen skader på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skader begrensa oppad til kr. 100 000,- Produksjonsstans < 1 uke	Mindre lokal skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skader avgrensa oppad til kr. 1 000 000,- Produksjonsstans < 1 månad	Større skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar opp til 10 000 000,- Produksjonsstans > 1 månad	Tap av, og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar avgrensa opp til kr. 100 000 000,-. Produksjonsstans > 3 månader	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar opp til kr. 500 000 000,-. Produksjonsstand > 1 år	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar for meir enn kr. 500 000 000,- Varig produksjonsstans	
SANNSYN	Særs sannsynleg	S6							Meir enn ein hending kvart 20. år
	Mykje sannsynleg	S5							Mindre enn ein hending kvart 20. år, men mindre enn ein hending kvart 100. år
	Sannsynleg	S4							Mindre enn ein hending kvart 100. år, men mindre enn ein hending kvart 200. år
	Noko sannsynleg	S3							Mindre enn ein hending kvart 200. år, men mindre enn ein hending kvart 1000. år
	Lite sannsynleg	S2							Mindre enn ein hending kvart 1000. år, men mindre enn ein hending kvart 5000. år 1
	Usannsynleg	S1							Mindre enn ein hending kvart 5000. år 2
			K1	K2	K3	K4	K5	K6	
			Ubetydelig	Liten	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt	
			KONSEKVENS						

Naturhendingar

Naturhendingar som ekstremver, ras, skred og flaum er vurdert i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I ein kommune med topografi som Kvam er ras av dei vanlegaste uynskte naturhendingane. Over mange generasjonar har byggeområde i Kvam teke høgde for farane med ras, og byggeområda har tilpassa seg desse farane. Likevel ligg delar av eksisterande busetnad innafor faresonegrensene for skred med årleg nominell sannsyn 1/1000. Dette kjem fram i Norges vassdrags- og energidirektorat si «Skredfarekartlegging i Kvam herad og Fusa kommune» i 2017.

Ekstremver og flaum vil auka i takt med endringane i klima. Dette påverkar og kvar me skal byggje i framtida. Buffersonar langs vatn- og vassdrag er nødvendige grep for å hindra flaum og fare for flaum. Ekstreme vindar førekjem mellom fjord og fjell i kommunen. Erfaringa frå nyttårshelga i 1992 er at det kan vera vanskeleg å forutsjå kvar desse vindane vil ramma hardast.

I den overordna ROS-analysen for Kvam herad vert det vist til at dimensjonering og sanering av avlaupsdrenering i byggefelt kan førebyggja våte skred. God planlegging med omsyn på å unngå aktivitet i skredutsette område, og godt førebyggjande arbeid med skredsikring er og nødvendig for vitale samfunnsfunksjonar som kommunikasjon, energi og infrastruktur. Samstundes må me driva eit godt førebyggjande arbeid i høve til havnivåstigning og flaumutsette område.

Radon er også vurdert ut i frå målingar og registreringar i kommunen. I Kvam herad sitt faresonekart for radon er Øystese sentrum og Ålvik sentrum to område med noko høgare målingar. God planlegging og førebygging er vurdert som avbøtande tiltak.

Menneskeskapte hendingar

Av menneskeskapte hendingar er ureining og støy, brann, ulukker og uheldig samlokalisering vorte vurdert i kommuneplanen sin arealdel.

Dei viktigaste støykjeldene i dette planarbeidet er støy i frå fylkesvegane, frå næringsverksemder og frå skytebanar. Fare for brann og avstand med tanke på utrykning er også vurdert. Ulukker handlar stort sett om fare for trafikkulukker. Uheldig samlokalisering ser mellom anna på tilhøvet i mellom bustad og næring, som td tilhøvet i mellom bustadbygging og aktivt jordbruk.

Risikovurdering av mogleg ny arealbruk

I arbeidet med ROS-analyse, har føreslåtte område for bustadbygging vorte tatt ut i pga av fare for ras. Dette gjeld mellom anna i Ålvik og i Norheimsund, øvst på Kaldestad. Det vert elles i føresegnene sett krav ytterlegare krav til kartlegging av ras i arbeidet med regulering og utbygging. Tilpassingar til fareområde for ras er gjort i område for spreidd bustadbygging, for å unngå problem med vidare utbygging. Det er også sett krav til ytterlegare kartlegging av ras i fleire næringsområde. I Øystese vert det det tatt inn i føresegnene at det må gjerast ytterlegare kartlegging i høve til flaum, i fleire byggeområde på Evjo.

I fleire næringsområde langs fylkesvegane, vert det i føresegnene vist til at areal for opphald til folk må trekkjast bort i frå støyområde.

Mangel på gang- og sykkelveg på heile strekkja i frå Laupsa, til Øystese, er med i totalvurderinga på avslag til bustadfelt lengst inne på Laupsa.

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse for dei einskilde utbyggingsområde ligg med som vedlegg.

Forklaring på analysen

Matrisa som er nytta i ROS-analysen, er inndelt i grøne, gule og raude felt. Felta kjem fram som ei vekting i mellom sannsyn og konsekvens. Desse er vurdert i høve til tre tema: «liv og helse», «miljø» og «økonomi»

Raude felt, er dei mest alvorlege. Dette er område der både sannsyn for at noko kan skje og konsekvensen av at det skjer, er så alvorlege at det gjev uakseptabel risiko. Tiltak må gjerast for å komma ned på gul eller grøn, før utbygging kan gjennomførast. Rekkjefylgjekrav til ytterlegare kartlegging av ras, eller rekkjefylgjekrav til gang- og sykkelveg til bustadfelt. Det kan og vera ein aktuell problemstilling med krav til installasjonar.

Gule felt, indikerer risiko som bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko. Krav om at tiltak må setjast i verk er ikkje automatisk påkrevd, men må vurderast. Avbøtande tiltak kan vera aktuelt.

Grøne felt, indikerer akseptabel risiko.

Nærmare om raude felt

Ekstremver: I ROS-analysen er det vist raude felt på ekstremver på lokalitetane for akvakultur. Dette krev grundige vurderingar på kvar einskildlokalitet i høve til kraftig vind og rømming av fisk.

Ras/skred/flaum: I ROS-analysen kjem dette fram fleire stadar. Dette er ein gjennomgåande problemstilling som vert grundigare kartlagt på nivå under kommuneplanen sin arealdel. Gjeld også for flaumsonekart på Evjo i Øystese. Ytterlegare vurderingar i høve til flaum må gjerast ved regulering på staden.

Ureining og støy: Raude felt er vist langs med Fv-7, der støynivået er høgare enn 65 dB. Støyreduserande tiltak eller arealbruksavgrensingar vert vurdert ved regulering og gjennomføring av tiltak.

Radon: Faresonekart for radon har nedslagsfelt i Øystese og Ålvik. ROS-analysen legg til grunn at dette er eit tema som må takast opp ved regulering og bygging.

Brann: Ingen raude felt.

Ulukker: Raude felt for spreidd bustadbygging ved fylkesvegen, td vert det vist raudt felt på Steinstø. Gjeld område endra i frå landbruk-, natur- og friluftsliv, til bustadområde. Gjeld kun for påbygg og ikkje nye bygg. Tiltak er difor ikkje vurdert. Gjeld også område for spreidd bustadbygging på Røyrvik, her er det to område for framtidig bustadbygging. I Ytre Ålvik er det fleire mindre område for spreidd bustadbygging. Ikkje sett krav om gang- og sykkelveg, til desse områda. Transport til servicetilbod, med bil eller buss. Det same gjeld for spreidd bustadbygging i Vangdal. Gang- og sykkelveg er vist i planen i Vangdal.

Uheldig samlokalisering: «Urørt natur» i høve til køyreveg i sårbart terreng i Ytre Ålvik. Lokalisering i høve til naturtypar i Nisebergvågen.

Nærmare om gule felt

Ekstremver: Store nedbørsmengder og problem med overvatn og flaum, er ei utfordring som går igjen i mange av utbyggingsområda. Utbygginga i seg sjølv kan og føre til raskare avrenning og fare for ras og flaum. Tilhøvet til nedbør og dimensjonering på stikkrenner , kummar, røyr og grøfter må vurderast i høve til nedbørsauke.

Ras/skred/flaum: Tilhøve som vert vurdert i alle nye utbyggingsområde, jf. også ekstremver.

Ureining og støy: Støy vert vurdert for alle område langs med fylkesvegane. Det same vil gjelda for bustadområde lokalisert i nærleiken av ulike typar næringsaktivitet.

Radon: Krav til byggverk er ein del av vurderinga.

Brann: Utrykkinga vil ta lengre tid nokre stadar enn andre. Bør vurderast om det må gjennomførast tiltak for å redusera skadane mest mogleg.

Ulukker: Tilhøvet i mellom mjuke trafikkantar og køyretøy vert vurdert. Tiltak vert vurdert.

Uheldig samlokalisering: Avstandar i mellom ulike tiltak vert vurdert, det same gjeld buffersonar som hindrar innsyn og eventuell støy.

5 PLANOMTALE

Dei viktigaste plangrepa er synleggjort igjennom kommunen sine vedtekne arealstrategiar. I strategiane er det lagt vekt på ein konsentrasjon i og rundt Norheimsund, Øystese, Strandebarm, Ålvik og Tørvikbygd. Moglegheitsanalysar har og vore viktige verktøy for dette arbeidet. Nærings- og bustadutvikling skal gå føre seg langs eksisterande infrastruktur. Gang- og sykkelvegar er ein svært viktig del av den utviklinga.

Tabellane under tema, viser nye areal som er tatt inn i planen. Det gjeld primært nye areal der det er gjennomført både KU og ROS. Gjeld også nokre område med godkjent reguleringsplan etter 2006 og område som er retta opp, for å vera i samsvar med faktisk bruk.

5.1 Bygg og anlegg, plan- og bygningslova § 11-7, pkt. 1

Bustadområde

Mange bustadområde er ført vidare, samstundes er det også tatt bort område og lagt til nye område som er meir i samsvar med Kvam herad sine arealstrategiar. Prinsippet er at det skal vera tilgjengelege bustadar i alle grendene i kommunen. I området rundt Øystese og Norheimsund, er det stort sett tett utnytting innafor 10 minutt gangavstand, og einebustadar utanfor desse områda. Spreidd bustadbygging er ikkje ein del av arealstrategiane for desse områda. I Ålvik, Strandebarm og Tørvikbygd, er det primært einebustadar i felt, med nokre område for spreidd bustadbygging. I Steinsdalen er også einebustadar samla i bustadfelt. På Oma er det både einebustadar i felt og noko spreidd bustadbygging. På Mundheim, på Fykse og i Vikøy er det ei blanding. På Soldal og Innstranda er det primært spreidd bustadbygging.

I arbeidet med kommuneplanen er det lagt til grunn ein vekst i folketalet fram i mot 2030 på om lag 1500 nye innbyggjarar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har estimert eit framtidig bustadbehov på 800 bueiningar.

I perioden 2010 til 2016 har det i snitt vore sett i gang 32 bustadar pr. år og snittet på fullførte bustadar har vore 18 bustadar.

Folketalsprognosane tilseier enn høgare snittalder og ein eldre befolkning i dei komande åra. Variasjon i bustadtilbodet er difor lagt til grunn i den komande planperioden. I høve til tidlegare planar er tomtearealet pr. eining lågare, noko som heng saman med ei tettare utnytting av areala i og rundt sentrumsområda.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Bustad	B5	Oma	26,6
Bustad	B12	Strandebarm	82,8
Bustad	B13	Strandebarm	7,8
Bustad	B14	Strandebarm	3,2
Bustad	B16	Strandebarm	3,7
Bustad	B19	Strandebarm	40,7
Bustad	B25	Strandebarm	1,1
Bustad	B38	Tørvikbygd	15,9
Bustad	B44	Vikøy	0,7
Bustad	B47	Vikøy	1,2

Bustad	B48	Vikøy	45,0
Bustad	B49	Norheimsund	2,8
Bustad	B52	Norheimsund	2,5
Bustad	B57	Steinsdalen	14,2
Bustad	B74	Norheimsund	15,8
Bustad	B80	Øystese	33,4
Bustad	B91	Øystese	2,9
Bustad	B92	Øystese	9,3
Bustad	B93	Øystese	3,6
Bustad	B95	Øystese	0,8
Bustad	B103	Øystese	0,7
Bustad	B113	Fykse	0,4
Bustad	B114	Fykse	8,7
Bustad	B115	Fykse	1,4
Bustad	B121	Ålvik	5,5
Bustad	B130	Norheimsund	1,0
Bustad	B131	Norheimsund	0,5

Ålvik:

Tal på busette pr. 01.01.2018: 645

Utvikling sidan 2000: Ålvik har i snitt hatt ein nedgang i folketalet i perioden 2000 – 2018

Trong til nye bustader:

Lilletveit og ny plan for Torget i Ålvik, utgjer ca. 70 regulerte bueiningar (44 bustadtomter og 26 leilegheiter). Tala viser at det er nok regulert bustadareal i Ålvik. Dei fleste einebustadane ligg på Lilletveit. Dette er ikkje eit egna område for dei som treng ekstra tilrettelegging med noverande regulering. For å få til ein variasjon på bustadtilbodet i Ålvik, er leilegheitene på Torget (B121) viktige. I Ytre Ålvik er bustadområdet fjerna, og erstatta med spreidd bustadbygging på inntil 6 bustadar.

Fykse

Tal på busette pr. 01.01.2018: 211

Utvikling sidan 2000: Fykse har ei stabil folketalsutvikling i perioden 2000 - 2018

Trong til nye bustadar:

På Fykse er det 5 bueiningar i reguleringsplan. Tomteland ved Fykse er tatt bort. Fem tomter for spreidd bustadbygging er tatt bort, to er tatt vare og samstundes det lagt inn 5 nye tomter på Bjørke. Ut i frå folketalstala er dette ein tilstrekkeleg kapasitet på Fykse. To område på Steinstø (B 114 og B115) er vist som bustadområde, desse var LNF-område i føregåande plan.

Soldal

Tal på busette pr. 01.01.2018: 109

Utvikling sidan 2000: Soldal har ein liten nedgang i folketalet i perioden 2000 - 2018

Trong til nye bustadar:

På Soldal er det 6 bueiningar ledig i område for spreidd bustadbygging i frå 2006. Ut i frå folketalstala er dette ein tilstrekkeleg kapasitet på Soldal.

Øystese

Tal på busette pr. 01.01.2018: 2410

Utvikling sidan 2000: Øystese har hatt stigning i folketalsutvikling i frå år 2000 og fram til i dag.

Trong til nye bustader:

I Øystese er det regulert 156 bueiningar både som einebustad, konsentrert bustad og leilegheiter. I tillegg er det ca. 20 bueiningar under regulering på Laupsa. I Øystese er det 10 leilegheiter under utbygging. Det er også seld rundt 15 einebustadtomter der infrastruktur vert tilrettelagd. I tillegg er det 51 daa ledig bustadareal i frå 2006 planen i Rosshagen.

Det er fjerna 4 bueiningar for spreidd bustadbygging.

I ny plan er det vist seks nye bustadområde i Øystese, B 92, B 93 og B 95 i sentrum. På Børvenes er vist B 80 og B 74. Samla nytt bustadareal i plan er 50,7 daa.

I tillegg kjem nytt sentrumsareal som opnar opp for nye bueiningar i sentrum.

Norheimsund

Tal på busette pr. 01.01.2018: 2310

Utvikling sidan 2000: Norheimsund har hatt stigning i folketalet i heile perioden i frå år 2000 og fram til i dag.

Trong til nye bustadar.

Mykje bustadareal vert ført vidare i frå kommuneplanen i frå 2006. Dette gjeld område i Tolomarka, og på Tolo, der tilkomstvegen, alternativ i 2006-planen, no er fjerna. Noko bustadareal er fjerna planen, t.d. dei øvste områda på Norheim og Tolo. I Norheimsund sentrum er det regulert 920 bueiningar både som einebustad, konsentrert bustad og leilegheiter. Både sentralt og litt i utkanten. Mange av tomtene kan byggjast ut om ulike rekkjefylgjekrav vert gjennomført. I dag er det eit leilegheitskompleks på 32 leilegheiter under oppføring sentralt i Norheimsund. I sentrale deler av Kvam vil det vere trong for eit variert bustadtilbod. Med befolkningsutviklinga fram mot 2040, så blir befolkninga eldre og det vert færre yngre. Dette skulle tilsei at det vert ein større trong for sentrumsnære for enkle bueiningar.

Fem tomter for spreidd bustadbygging er fjerna ved Tveitevegen, i samsvar med arealstrategiane for Norheimsund sentrum.

I ny plan er det vist tre nye bustadområde i Norheimsund. På Valland, B74, med ny godkjent reguleringsplan i frå 2016. På Kaldestad, område B 52 og B 49. Samla nytt bustadareal i plan er 22,6 daa.

I tillegg kjem nytt sentrumsareal som opnar opp for nye bueiningar.

Steinsdalen

Tal på busette pr. 01.01.2018: 444

Utvikling sidan 2000: Steinsdalen har hatt ei jamn nedgang sidan 2000-talet.

Trong til nye bustadar:

I Steinsdalen er det 12 ledige regulerte bueiningar. I ny plan vert det lagt inn 14,2 daa i tillegg. Ut i frå folketalsprognosane er dette ein tilstrekkeleg kapasitet i Steinsdalen.

Vikøy

Tal på busette pr. 01.01.2018: 531

Utvikling sidan 2000: Vikøy hadde ein nedgang fram til 2012 og ein liten oppgang fram i mot 2018.

Trong til nye bustader:

I Vikøy er det 32 ledige regulerte bueiningar og 33 daa framtidig bustadareal frå 2006, som ikkje er regulert. Bustadområdet ved Lidarende er fjerna. Det vert lagt inn eit nytt område for spreidd bustadbygging, med inntil tre nye tomter i Vangdal.

I tillegg vert det vist tre nye areal for bustad. Området B 48 vert endra i frå spreidd bustadbygging til framtidig bustadområde. Område B 47, er ny reguleringsplan etter kommuneplanen sin arealdel ifrå 2006. Området B 44, er berre oppretting i kartet.

Samla nytt bustadareal i plan er 46,9 daa.

Ut i frå trongen er dette ein tilstrekkeleg kapasitet i Vikøy.

Tørvikbygd

Tal på busette pr. 01.01.2018: 507

Utvikling sidan 2000: Tørvikbygd har gått litt opp og ned i folketal fram til 2010, etter 2010 har folketalet gått ned.

Trong til nye bustadar:

I Tørvikbygd er det 29 ledige regulerte bueiningar. I tillegg er det 93 daa framtidig bustadareal i frå planen i 2006. Område for spreidd bustadbygging på inntil 6 bustadar ved Lysen er tatt bort. Ut i frå prognosane er dette ein tilstrekkeleg kapasitet i Tørvikbygd.

Samla nytt bustadareal 15,9 daa.

I tillegg kjem nytt sentrumsareal som opnar opp for nye bueiningar.

Innstranda

Tal på busette pr. 01.01.2018: 199

Utvikling sidan 2000: Innstranda har stort hatt ei jamn nedgang sidan 2000-talet. Litt oppgang dei siste åra.

Trong til nye bustadar:

På Innstranda er det 3 ledige regulerte bueiningar og to ledige tomter i eksisterande bustadområde. I ny plan er det vist til 7 tomter for spreidd bustadbygging.

Ut i frå forventa folketalsutvikling er det tilstrekkeleg med nye bustadtomter på Innstranda.

Strandebarm

Tal på busette pr. 01.01.2018: 599

Utvikling sidan 2000: Strandebarm har gått jamn ned fram til 2008, frå 2010 har Strandebarm hatt ei liten auke i folketal.

Trong til nye bustadar:

I planen vert det lagt inn seks nye bustadområde. Område B19, ved gamleskulen i Strandebarm er under regulering. Område B 13, B14 og B16 på Tangerås er vist som framtidige bustadområde. Område B 12 er også vist som framtidig bustadområde, tidlegare har området vore vist som område for spreidd bustad bygging. I tillegg er område B 25, på Fosse, vist som framtidig bustadområde, gjeld nyleg tilrettelagte leilegheiter.

Område for spreidd bustadbygging er fjerna fleire stadar i Strandebarm. Nokre område er vidareført frå førre kommuneplan.

Samla nytt bustadareal, 139,3 daa.

I tillegg kjem nytt sentrumsareal som opnar opp for nye bueiningar.

Oma

Tal på busette pr. 01.01.2018: 298

Utvikling sidan 2000: Oma har eit lågare folketal i dag, enn i år 2000.

Trong til nye bustadar:

På Oma er det 12 ledige regulerte bueiningar. Nytt bustadareal, B 5, er vist på Utgjerdsla, sentralt på Oma. Det er også to nye tomter med spreidd bustadbygging i sentrum.

Samla nytt bustadareal, 26,6 daa.

Mundheim

Tal på busette pr. 01.01.2018. 146

Utvikling sidan 2000: Mundheim hadde nedgang i folketalet rett etter tusenårskiftet, frå 2005 og fram til i dag, har folketalet vore relativt stabilt.

Trong til nye bustadar:

Fleire område for spreidd bustadbygging er vidareført frå førre plan. Mundheim har ingen nye bustadområde.

Område for fritidsbustad

I kommuneplanen frå 2006 var nye område for fritidsbustad eit stort tema, ved denne rulleringa har ikkje område for fritidsbustad vore eit eige tema. Område frå 2006 er ført vidare og nokre små justeringar er tatt inn i denne planen.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Fritidsbustad	F7	Strandebarm	1,1
Fritidsbustad	F17	Innstranda	1,5
Fritidsbustad	F18	Innstranda	5,4
Fritidsbustad	F27	Vikøy	1,4

Område F 27 gjeld godkjent reguleringsplan i frå 2009 på Aksnes. Område F 17 og F18 gjeld hytteeigedommar i eksisterande hytteområde i Ljonesvågen, utvida område i frå planen i 2006. Område F7 gjeld godkjent reguleringsplan i Bruosen i Strandebarm i frå 2017.

Samla nye areal for fritidsbustadar: **9,4 daa.**

Sentrumsføremål

I samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel, så vert det satsa på sentrumsområde i denne arealplanen. Sentrumsføremålet omfattar forretningar, tenesteyting og bustadar.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Sentrumsføremål	S1	Mundheim	4,4
Sentrumsføremål	S2	Strandebarm	28,4
Sentrumsføremål	S4	Strandebarm	2,5
Sentrumsføremål	S5	Tørvikbygd	15,8
Sentrumsføremål	S7	Norheimsund	8,7
Sentrumsføremål	S8	Norheimsund	31,4
Sentrumsføremål	S9	Øystese	6,9
Sentrumsføremål	S10	Øystese	17,7
Sentrumsføremål	S12	Øystese	4,5

Område S1 gjeld Mundheim sentrum. Område S2 og S4 gjeld Strandebarm sentrum, område S2 er under regulering. Område S5 gjeld Tørvikbygd sentrum. Nytt område med sentrumsføremål. Område S8 og S7 gjeld Norheimsund sentrum, mellom anna området rundt Straumhaugen. Område S9, S10 og S12, gjeld Øystese sentrum, med moglegheiter for vidare sentrumsutvikling.

Samla framtidig areal for sentrumsføremål: **120,2 daa.**

Forretning

Gjeld areal- og bygningar for detaljhandel, og omfattar varesal til sluttbrukar. Føremålet opnar berre opp for arealkrevjande handel som bilforretningar, møbelvarehus og andre verksemder det ikkje er plass til i sentrumsområde.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Forretningar	FO4	Øystese	22,6

Gjeld eit område i Øystese sentrum, FO4 på Evjo.

Samla framtidig areal for forretning: **22,6 daa.**

Offentleg og privat tenesteyting

Arealføremålet tenesteyting omfattar offentlege og private areal til barnehagar, undervisning, institusjonar, kulturinstitusjonar, kyrkje, forsamlingshus og administrasjon.

I samband med at det vert fleire eldre i kommunen og at gjennomsnittsalderen veks, har Kvam herad sett i gang arbeidet med utbyggingstrategiar for helse og omsorgstenesta. Planen sikrar areal både i Øystese, Norheimsund og Strandebarm. I Strandebarm vert det sett på moglegheiter for utviding ved Strandebarmsheimen, alternativt kan det byggjast ut på Tangerås. I Øystese er det lagt til grunn utviding ved Øysteseheimen og på Mikkjelsflaten. I Norheimsund, sikrar planen nok areal til ny vidaregåande skule.



Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT2	Oma	2,2
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT5	Strandebarm	4,6
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT6	Strandebarm	18,8
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT13	Strandebarm	0,6
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT14	Strandebarm	1,0
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT21	Vikøy	0,8
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT31	Norheimsund	10,8
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT32	Norheimsund	1,2
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT35	Steinsdalen	2,6
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT38	Steinsdalen	3,3
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT42	Øystese	5,9
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT48	Øystese	2,9
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT50	Øystese	9,9

Offentleg eller privat tenesteyting	OPT53	Soldal	0,8
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT58	Ålvik	4,4
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT60	Ålvik	0,8
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT64	Norheimsund	0,7
Offentleg eller privat tenesteyting	OPT65	Ålvik	1,2

Område OPT 58 og 60 i Ålvik, viser oppretting i kart i samsvar med faktisk bruk og eigedomsgrenser for kyrkja og barnehagen. Område OPT 53, gjeld oppdatering av kart i samsvar med grendehuset på Soldal. Område OPT 50 i Øystese gjeld utviding av Øysteseheimen, mellom anna for demente. Område OPT 48, gjeld kommunalt eigd område til Øystese barneskule. Oppretting i samsvar med faktisk bruk. Område OPT 42 ved Rosshagen, parkeringsareal mm, stort sett oppretting i samsvar med bruk. Område OPT 38 og OPT 35 i Steinsdalen gjeld grendehuset Dalatun og kommunalt VA-anlegg som ikkje har vore med i kartet tidlegare. OPT 31 og 32 i Norheimsund, er areal til ny vidaregåande skule i Kvam. Område OPT 21 er det gamle skulehuset på Aksnes, vist i samsvar med reguleringsplan. Område OTP 14, gjeld kraftverket i Skulafosssen. Oppdatering av kart. Område OTP 6 gjeld nytt område for sjukeheim i Strandebarm. Område OTP 5, gjeld utviding av Strandebarmsheimen på noverande lokalitet. Område OTP 2, viser eksisterande lokalisering av samfunnshuset på Oma. Område OPT 64 gjeld servicebygget på Sjusete. Område OPT 65 gjeld grendahus i Ytre Ålvik.

Samla framtidig areal for offentleg/privat tenesteyting: **72,6 daa.**

Fritids- og turistføremål

I samsvar med kommunedelplan for næring og kompetanse har planen lagt til grunn ulike typar overnattingsanlegg som skal drivast på kommersiell basis. Grunnlaget i planen er viktig for eit mangfaldig tilbod og næringsliv.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Fritids- og turistføremål	FT3	Strandebarm	7,3
Fritids- og turistføremål	FT4	Vikøy	6,5
Fritids- og turistføremål	FT6	Vikøy	4,6
Fritids- og turistføremål	FT10	Øystese	5,1
Fritids- og turistføremål	FT11	Fykse	5,8
Fritids- og turistføremål	FT13	Tørvikbygd	1,0

I Strandebarm, område FT 3, gjeld ei mindre utviding av campingplassen på Linga. Område FT 4, er oppdatering av kart, etablert plass på Fonnaland, som ikkje har vore vist i kartet tidlegare. Område FT 6, gjeld utviding av campingplass på Oddland (Vikøy). Område FT 12 på Laupsa, er endra i frå kombinert føremål

fritidsbygg/bustadbygg til fritids- og turistføremål. Område FT 13, tidlegare næringsareal i Steinstø, er endra til fritids- og turistføremål.

Samla framtidig areal for fritids- og turistføremål: **30,4 daa.**

Råstoffutvinning

Ingen nye område er tatt inn i planen. Godkjent plan for Haukeli er ført vidare i planen.

Næringsverksemd

Nye næringsareal, gjeld utviding av eksisterande areal og nye areal, samt ein god del nye næringsareal på land i tilknyting til oppdrettsanlegg på sjøen. Reguleringsplan for Hansvågen vert ført vidare i kommuneplanen sin arealdel. Det er lagd inn eit nytt næringsområde i Skarpen i Øystese, det er tenkt at støyande næringsverksemd passar i dette området. Arealet er i dag nytta til jordbruk, i samband med Statens vegvesen sitt vegprosjekt mellom Øystese og Laupsa så er jord sett til side og det blir fylt opp med steinmassar. Dette gjer at området er godt egna som framtidig næringsareal. I Norheimsund vert næringsområdet i Sandvendalen utvida. Det same gjeld for næringsområdet på Bakka –Breievne. To mindre område i Steinsdalen, den gamle skulen i Steinsdalen og Norheimsund vidaregåande skule sitt areal til byggfag, er seld vidare til små bedrifter og skal nyttast som næringsareal. Det blir ikkje opna for forretning på desse areala.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Næring	N3	Mundheim	21,5
Næring	N5	Mundheim	2,7
Næring	N7	Mundheim	79,5
Næring	N8	Mundheim	3,1
Næring	N10	Oma	29,9
Næring	N17	Strandebarm	0,9
Næring	N18	Innstranda	18,7
Næring	N20	Innstranda	8,7
Næring	N21	Innstranda	2,1
Næring	N25	Tørvikbygd	29,5
Næring	N29	Tørvikbygd	32,6
Næring	N31	Tørvikbygd	6,6
Næring	N42	Steinsdalen	2,2
Næring	N43	Steinsdalen	14,9
Næring	N48	Øystese	2,6
Næring	N55	Fykse	6,2
Næring	N57	Fykse	5,0
Næring	N58	Ålvik	5,9
Næring	N64	Mundheim	1,9
Næring	N65	Øystese	34,6
Næring	N66	Steinsdalen	3,4
Næring	N67	Steinsdalen	1,3
Næring	N68	Norheimsund	10,0

Område, N 3, er utviding av kai- og næringsareal i Gravdal. Område N 5 gjeld oppdatering i samsvar med reguleringsplan for Mundheim sentrum. Område, N 7, er reguleringsplan for industriområde i Hansvågen, vedtatt i 2008. Område N8, gjeld oppdatering av kart i samsvar med vedtatt plan i frå 2010 på Oma. Område N 10, gjeld utviding av næringsområde på Bakka. Område N18, gjeld utviding av eksisterande næringsareal på Linga. Område N18, N20 og N21 gjeld utviding av anlegg for setjefisk mm i Ljonesvågen. Område, N 25, gjeld utviding i samsvar med godkjent reguleringsplan i frå 2017 i Tørvikbygd, med moglegheiter for noko meir utviding mot Fv-49. Område N 29 er nytt næringsareal i Tørvikbygd. Område N 68, gjeld utviding av næringsområde på Sandven i Norheimsund. Område N42 gjeld ny bruk av areal på gammal skuletomt i Steinsdalen. Område N 43 gjeld utviding av eksisterande verksemd i Steinsdalen. Område, N 48, gjeld nytt næringsareal i Øystese. Område N55, N57 og N 58, gjeld næringsareal på land for eksisterande akvakultur anlegg i sjø.

Samla framtidig næringsareal: **323,9 daa.**

Idrettsanlegg

I ny plan for idrett, fysisk, aktivitet og friluftsliv vert det ikkje satsa på nye store anlegg som krev areal i kommuneplanen sin arealdel.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Idrettsanlegg	IA5	Steinsdalen	4,5
Idrettsanlegg	IA6	Norheimsund	6,7

Område IA 5 gjeld areal til ny hall i Steinsdalen, for hundeklubben i Kvam. Område IA 6 gjeld stadfesting av skytebane for skiskyting på Sjusete Reguleringsplan vedtatt i 2010.

Samla framtidig areal for framtidige idrettsanlegg: **11,2 daa.**

Naustområde

Naustområde frå føregåande plan er ført vidare. Nye naustområde er ikkje tema i denne planen. Det er nokre små endringar i planen.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Andre typar bebyggelse og anlegg	NA1	Strandebarm (Naust)	1,9
Andre typar bebyggelse og anlegg	NA7	Tørvikbygd (Naust)	0,4
Andre typar bebyggelse og anlegg	NA8	Vikøy (Naust)	0,2
Andre typar bebyggelse og anlegg	NA15	Fykse (Naust)	0,5
Andre typar bebyggelse og anlegg	NA16	Strandebarm (Naust)	3,4

Område NA 1 gjeld naustområde i godkjent reguleringsplan på Bakka ifrå 2016. Område NA 5, gjeld naustområde i Tørvikbygd. Godkjent reguleringsplan i frå 2012. Område NA 7 og NA 8, gjeld naustområde i

godkjent reguleringsplan for Aksnes, i frå 2009. Område NA 15 gjeld eksisterande nausttomt ved Fyksesundet, som no vert vist i plan. NA16 gjeld naustområde i godkjend reguleringsplan på Linga.

Samla areal for framtidige naustføremål: **6,4 daa.**

Grav- og urnelund

Planen er ført vidare med moglegheit for utviding i Strandebarm og Vikøy. Det blir lagd til rette for ei namna minnelund ved Norheimsund kyrkje. Det blir ikkje opna for enkelt graver, men eit minnesmerke med namn. Det skal leggas til rette for ei felles grav for urner.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Grav- og urnelund	GU7	Norheimsund	1,7

Samla areal for framtidige grav- og urnelunderl: **1,7 daa.**

Kombinerte byggeområde

I planen er det brukt få kombinerte område, dette for å tydeleggjera arealbruken. I nokre få høve er det lagt inn kombinerte byggeområde for å ha fleksibilitet i planen.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Kombinert byggeføremål	BT1	Norheimsund (Bustad,tenesteyting)	9,9
Kombinert byggeføremål	BT2	Øystese (Bustad,tenesteyting)	9,3
Kombinert byggeføremål	TN1	Strandebarm (Næring, tenesteyting)	23,0

Område TN 1 gjeld kombinert føremål på Eikeneset i Strandebarm. Endra føremål i kommuneplan i frå 2006. Område BT 1 gjeld vedtatt reguleringsplan i Norheimsund. Godkjent plan på Tolo i frå 2010. Område BT 2 gjeld Mikkjelsflaten i Øystese, kombinasjon i mellom tenesteyting og bustad.

Samla areal for framtidige område med kombinerte føremål: **42,2 daa.**

5.2 Samferdsel og tekniske anlegg etter, plan og bygningslova § 11 -7 pkt. 2

Vegsamband

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur vert brukt for å fastlegga areal for eksisterande eller nye samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur. Tema gjeld alle former for transport, inkludert køyrevegar, gang- og sykkelvegar, bane og hamn.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Samferdsleføremål	SAMF1	Norheimsund	3,3
Samferdsleføremål	SAMF2	Norheimsund	4,2
Samferdsleføremål	SAMF3	Øystese	5,2

Område SAMF1 og SAMF 2 gjeld godkjent reguleringsplan for samferdsleanlegg i Norheimsund. Godkjente planar i 2006 og 2011 på Kaldestad, mellom anna med rundkøyring til omkøyringsveg for Norheimsund. Område SAMF 3 gjeld tunnelmunning mm, i godkjent plan i frå 2011, Børvenestunnelen.

Samla areal for framtidige samferdsle- og infrastrukturanlegg: **12,7 daa**

Hamn

Hamn er nytta om areal som vert brukt til skipshamner med kai.

Område H1, viser godkjent kai i reguleringsplan for Mundheim, ifrå 2003. Område H2 viser kaianlegg for Lingalaks i Strandebarm. Utviding av eksisterande område. Område H3, gjeld nytt kaianlegg i samsvar med godkjent reguleringsplan i frå 2017 i Tørvikbygd. Område H 5 er vidareført i frå kommuneplanen i frå 2006. Område H 6, er frå godkjent reguleringsplan i Norheimsund i frå 2006. Område H10, gjeld nytt kaianlegg i Øystese i samband med utvidinga småbåthamna. Område H 14, gjeld utviding av kaien i Steinstø.

Det er lagt inn større hamneområde i sjøarealet i Norheimsund.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Hamn	H1	Mundheim	1,0
Hamn	H2	Strandebarm	5,2
Hamn	H3	Tørvikbygd	2,2
Hamn	H5	Norheimsund	1,5
Hamn	H6	Norheimsund	0,5
Hamn	H10	Øystese	2,7
Hamn	H14	Fykse	1,1

Samla areal for framtidige hamneanlegg: **14,1 daa**

Parkering

Område P3, gjeld utviding av parkeringsplass i Strandebarm, ved Haugatun. Godkjent reguleringsplan i frå 2000, på delar av plassen. Område P4 gjeld nyleg godkjent reguleringsplan i frå 2017, ved Bruosen i Strandebarm. Område P5 gjeld parkeringsplass, ved friområde på Innstranda. Godkjent plan i frå 2008. Område P8 gjeld parkeringsplassen ved Sjusete skisenter, eksisterande plass, som ikkje vist i plan tidlegare. Område P 10 gjeld ny og utvida parkeringsplass i Øystese, ved idrettshallen. Område P12 er parkeringsplass på Geithaug i Ålvik.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Parkering	P3	Strandebarm	3,9
Parkering	P4	Strandebarm	1,5
Parkering	P5	Innstranda	0,5
Parkering	P8	Norheimsund	10,4
Parkering	P11	Øystese	6,9
Parkering	P12	Ålvik	0,9

Samla areal for framtidige parkeringsplassar: **24,2 daa.**

5.3 Grøntstruktur, etter plan og bygningslova § 11 -7 pkt. 3

Grønt struktur er eit nytt arealføremål, som først og fremst skal ta for seg samanhengande eller tilnærma samanhengande område, prega med vegetasjon. Føremålet er å sikra tilgjenge til grøntområde, sikra viktige landskapselement og godt lokalklima.

Små og store grøntstrukturar er lagt inn over heile kommunen. Grøntstrukturar er mellom nytta som buffersoner mellom næringsareal og bustadområde både i Tørvikbygd og Laupsa. Tolomarka er tydeleggjort med større grøntstrukturar enn i 2006-planen.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Grøntstruktur	GRS1	Mundheim	2,5
Grøntstruktur	GRS9	Strandebarm	2,4
Grøntstruktur	GRS10	Strandebarm	1,2
Grøntstruktur	GRS11	Strandebarm	42,1
Grøntstruktur	GRS12	Tørvikbygd	3,0
Grøntstruktur	GRS13	Tørvikbygd	5,9
Grøntstruktur	GRS18	Tørvikbygd	9,2
Grøntstruktur	GRS19	Tørvikbygd	15,8
Grøntstruktur	GRS25	Norheimsund	16,2
Grøntstruktur	GRS45	Norheimsund	285,1
Grøntstruktur	GRS48	Øystese	2,9
Grøntstruktur	GRS62	Soldal	50,1
Grøntstruktur	GRS73	Øystese	42,0
Grøntstruktur	GRS74	Innstranda	40,8

Område GRS1, gjeld grøntområde ved Grannehallen i Mundheim. Område GRS 9 og GRS 10, gjeld to område ved Ploganes i Strandebarm, som tidlegare har vore byggeområde. Område GRS 11, gjeld grøntstrukturar rundt campingplassen på Linga i Strandebarm. Område GRS 12 og 13 i Tørvikbygd, område som tidlegare har vore bustadområde. Område GRS 18, gjeld tidlegare område for fritidsbusetnad, som no er grøntstruktur. Område GRS 18, gjeld nytt område som er buffersone i mellom næringsområde og bustadområde i Tørvikbygd. Område GRS 23 og 24, er buffersoner rundt nytt næringsområde Sandvendalen. Område GRS 25, gjeld grøntstrukturar i reguleringsplan i frå 2007 ved næringsområde i Sandvenhagen. Område GRS 45, gjeld Tolomarka. GRS 48 i Øystese er ein mindre grønstruktur som skal ta vare på grøntdrag i mot fjorden. På Soldal, gjeld GRS 65, som er grøntstrukturen vist i samsvar med godkjent reguleringsplan i frå 2014, ved Haukeli. Område GRS 64, gjeld område i Steinstø. GRS 73 er ein buffersone mellom bustad og næringsverksemd på Laupsa. GRS74 er regulert areal i hytteområde på Straumastein.

Samla framtidig areal for grøntstrukturar: **519,2 daa.**

Friområde

Friområde, er område som normalt vil vera offentlege. Område som vert opparbeidde og tilrettelagde.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Friområde	FRI2	Oma	0,9
Friområde	FRI10	Vikøy	0,4
Friområde	FRI12	Vikøy	0,1
Friområde	FRI14	Vikøy	2,0
Friområde	FRI18	Øystese	0,4
Friområde	FRI19	Øystese	2,9

Område FRI 2, gjeld areal til parkering tilhøyrande badeplassen ved Småholmane på Oma. Område FRI 10, gjeld tilkomst til friområdet på Kyranes og Langanes i Vikøy. Område FRI 12, gjeld tilkomst til friområde i Holmen i Vikøy. Kommunal eigedom. Område FR14, gjeld Blyberg i Vikøy. Godkjent reguleringsplan i frå 2010. Område FRI 18, gjeld område ved barnehagen i Øystese sentrum. Område FRI 19, gjeld Laupsa i Øystese. Reguleringsplan under arbeid.

Samla for framtidig friareal: **6,8 daa.**

Park

Park er same føremål som friområde, men endå meir opparbeidd. Område som er viktige fellesareal i tettstadane våre.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Park	PARK2	Norheimsund	2,5
Park	PARK5	Øystese	5,2

PARK2, gjeld Straumhaugen midt i Norheimsund sentrum og PARK5, gjeld arealet framfor Hardangerbadet i Øystese sentrum.

Samla framtidige parkområde: **7,7 daa.**

5.4 Landbruk-, natur- og friluftsområde etter, plan og bygningslova § 11 -7 pkt. 5

Store delar av kommunen er omfatta av landbruk-, natur- og friluftsområde. I desse områda er det mogleg å driva med stadbunden næring. Område der landbruket skal stå sterkast i denne planperioden, er vist med omsynssone for landbruk. Område med høge friluftskvalitetar er vist med omsynssone for friluftsliv. Område med høge natur og miljøkvalitetar er vist med omsynssone for natur.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF1	Mundheim	38,5
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF2	Mundheim	10,1
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF4	Mundheim	238,9
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF6	Oma	10,4
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF7	Oma	3,3
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF8	Oma	3,4
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF9	Strandebarm	1,8
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF10	Strandebarm	14,4
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF11	Strandebarm	14,6
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF12	Strandebarm	6,5
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF14	Tørvikbygd	29,7
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF15	Tørvikbygd	118,4
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF16	Vikøy	36,4
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF17	Vikøy	2,8
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF19	Norheimsund	7,9
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF20	Norheimsund	144,9
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF21	Norheimsund	173,3
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF22	Ålvik	12,0
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF23	Ålvik	27,4
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF24	Ålvik	15,1
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF25	Øystese	12,3
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF27	Øystese	4,0
Landbruk-, natur og friluftsområde	LNF28	Øystese	13,1

Områda som er definert som framtidig landbruk-, natur og friluftsområde, er område som tidlegare har vore bustadområde og område for spreidd bustadbygging.

Samla framtidig, landbruk,- natur og friluftsområde: **939,3 daa.**

Stølar

Historisk har stølar gjort det mogleg for gardsbruk å halda antalet på dyr oppe. I dag er det nokre stølsmiljø som tapar seg ved at bygg forfell eller at det blir gjort uheldige inngrep, men dei fleste stølane ligg som eit attraktivt stølsmiljø både for dei som eig stølshus og dei som går tur i områda. Stølane sin verdi ligg i eins arkitektur og som historieforellar. Stølsmiljø og stiar til/mellom stølar blir i dag nytta av ålmenta til rekreasjon i fjellet og er gode arenaer for aktivitet som igjen styrkar folkehelsa.

Kvam herad ønskjer at me framleis skal ha gode og attraktive stølsmiljø i fjella. Då er det naturleg at bygga kan vedlikehaldast og nyttast og ha ei naturleg utvikling. Fleire stølshus i fjella i kvam er delt på fleire gardar og det er i nyare tid ønskje om å kunne bygge seg eit stølshus pr. gard på fellessameige. Dette opnar kommuneplanen opp for. Kommunen ønskjer at stølsmiljøa kan utviklast, men etter visse føringar som er gitt gjennom føresegnene. Eit nytt stølshus skal passa inn i det miljøet dei skal inn i. Det må ligge i nærleik til dei eksisterande stølshusa for å styrke det stølsmiljøet som er der i dag. Er det ytre faktorar som gjer at alternativ plassering må vurderast, så blir dette ei vurdering som blir gjort gjennom byggesak (t.d. i fareområde for skred).

LNF spreidd busetnad

I arealstrategiane for spreidd bustadbygging er det lagt til grunn at område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Strategiane er fylgt opp i planen.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Spreidd bustadbygging	SBU1	Oma (inntil 2 bustader)	40,0
Spreidd bustadbygging	SBU2	Oma (inntil 2 bustader)	3,4
Spreidd bustadbygging	SBU4	Innstranda (inntil 2 bustader)	9,1
Spreidd bustadbygging	SBU5	Innstranda (inntil 2 bustader)	21,2
Spreidd bustadbygging	SBU6	Innstranda (inntil 2 bustader)	16,4
Spreidd bustadbygging	SBU8	Innstranda (inntil 2 bustader)	8,9
Spreidd bustadbygging	SBU9	Innstranda (inntil 2 bustader)	5,5
Spreidd bustadbygging	SBU11	Vikøy (inntil 2 bustader)	20,2
Spreidd bustadbygging	SBU15	Fykse (inntil 2 bustader)	6,8
Spreidd bustadbygging	SBU16	Ålvik (inntil 2 bustader)	12,2
Spreidd bustadbygging	SBU17	Ålvik (inntil 2 bustader)	14,4
Spreidd bustadbygging	SBU18	Ålvik (inntil 2 bustader)	23,5
Spreidd bustadbygging	SBU21	Fykse (inntil 1 bustad)	1,5
Spreidd bustadbygging	SBU22	Fykse (inntil 1 bustad)	0,8

Samla areal for framtidig spreidd bustadbygging: **166,1 daa.**

Spreidd næring

Tradisjonelt landbruk vert stort sett løyst innanfor vanleg landbruk-, natur- og friluftsområde. Tilleggsnæringar utover dette vert vist som spreidd næring, innanfor landbruk-, natur- og friluftsområde. Forutsetningane for slike løysingar, er at dei ikkje skal skiljast ifrå hovudbruket. Kommunedelplan for næring og kompetanse, samt kommunen sine arealstrategiar byggjer opp om ei slik satsing. Fleire område er tatt inn i planen. Nokre område er heilt nye, medan andre byggjer opp under etablerte gardsbruk, som driv innan tilleggsnæringar, opplevingar

og gardsturisme. Forslaga i planen byggjer i stor grad på innspel i frå grunneigarar. Kommunen har gode erfaringar med slike løysingar i frå 2006 planen.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Spreidd næring	SN2	Mundheim - samla 4 utleigeeiningar i SN2 og SN3	15,7
Spreidd næring	SN3	Mundheim - samla 4 utleigeeiningar i SN2 og SN3	0,5
Spreidd næring	SN4	Mundheim	4,3
Spreidd næring	SN5	Oma -inntil 4 utleigeeiningar	2,9
Spreidd næring	SN6	Oma -inntil 3 utleigeeiningar	4,1
Spreidd næring	SN7	Strandebarm -inntil 4 utleigeeiningar	19,5
Spreidd næring	SN8	Innstranda -inntil 4 utleigeeiningar	29,1
Spreidd næring	SN10	Vikøy	1,6
Spreidd næring	SN11	Vikøy -inntil 2 utleigeeiningar	20,5
Spreidd næring	SN12	Vikøy	8,4
Spreidd næring	SN13	Øystese -samla inntil 4 utleigeeiningar i SN13 og SN14	25,2
Spreidd næring	SN14	Øystese -samla inntil 4 utleigeeiningar i SN13 og SN14	7,7
Spreidd næring	SN16	Fykse	0,6
Spreidd næring	SN17	Fykse	6,0

Område SN 2, gjeld utleigehytter på Neshalvøya på Mundheim. Område SN 3, gjeld servicebygg, naust og kai, på Neshalvøya på Mundheim. Område SN 4, gjeld sagbruk på Nærnes på Mundheim. Område SN 5, gjeld utleige, sjøbuer på Oma. Område N 6, gjeld næringsbygg og utsal evt. utleige i samband med produksjon på garden på Oma. Område SN 7, utleigehytter i Strandebarm. Område SN 8, gjeld utleigehytter på Innstranda. Område SN 10 gjeld område for bubil i godkjent reguleringsplan frå 2001, på Aksnes. Område SN 11, gjeld område for slakteri, fryseri mm, på Homlagarden på Aksnes. Område SN 12, gjeld gartneri på Byrkjeland i Vikøy, med moglegheiter for utvida bruk. Område SN 13 og SN 14, gjeld moglegheiter for sal og utleige på Rykkje i Øystese. Område SN 16 gjeld hus som vert nytta til gardsturisme på Steinstø i dag. Område SN 17 gjeld også gardsturisme og sal på Steinstø.

Samla framtid areal for spreidd næringsutvikling: **146,2 daa**

Eksisterande bygde bustad- og fritidsbustad i LNF

Analyse av LNF-område og bustadhus/fritidsbustad viser at Kvam herad har mange eksisterande bygg som ligg utanfor eit byggeområde. Dei høyrer heller ikkje til eit gardsbruk og mange av våre dispensasjonar handlar om akkurat slike bygg. Dette er ressurskrevjande for kommunen og systemet rundt og Kvam herad ønskjer å løyse dette på ein meir dynamisk måte for våre innbyggarar.

Eksisterande eigedommar i LNF som naturleg ikkje høyrer til eit gardsbruk er lista opp som LNF spreidd bustad gjennom ein tabell i føresegnene. Det kan gjerast mindre tiltak på desse bustadene som vist i føresegnene. Aktuelle eigedomar er opplista i føresegnene. I desse områda skal det ikkje etablerast nye einingar.

Eksisterande hytter i LNF er lista opp i ein tabell i føresegnene og gjeld som LNF spreidd fritidsbustad. Det kan gjerast mindre tiltak på fritidsbustad etter reglar i føresegnene. I desse områda skal det ikkje etablerast nye einingar.

5.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, etter plan- og bygningslova, pkt. 6

Ferdsel- og friluftsliv

Utdrag i frå planprogrammet: Arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone skal sikra kommunen ei god og balansert forvaltning av strandsona, der både vern og utvikling skal vera grunnlag for dette arbeidet.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn:

Område vist i strandsona med moglegheiter for bygging kan nyttast til vidare utbygging med byggegrense som vist i plankartet. Område som ikkje er vist som byggeareal kan nyttast til rekreasjon, friluftsliv, med meir skal ikkje nyttast til byggeområde i kommuneplanen.

Den kartlagde funksjonelle strandsona og byggegrensa langs med sjøen er på mange område den same grensa. I eksisterande bebygde område utan plan og byggeområde med eldre reguleringsplanar, har planen definert nye byggegrenser mot sjøen. Det er høve til å leggja ut mindre felles flytebrygger i tilknyting til byggeområde, det same gjeld for mindre kaianlegg.

FFNF4 er arealet som tidagare var akvakultur i Steinstø

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Ferdsel, fiske, natur og friluftsområde i sjø	FFNF4	Fykse	47,2

Samla areal for framtidig **FFNF 47,2 daa.**

Farlei

Farlei er trafikkområde for båtar. FA1 og FA2 er trafikkareal i samband med næringsområde til sjø på Bakke i Strandebarm.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Farlei	FA1	Strandebarm (Bakka)	26,0
Farlei	FA2	Strandebarm (Bakka)	19,9

Samla areal for framtidig farlei, FA1 og FA2: **45,9 daa**

Småbåthamner

Det er eit stort antal småbåthamner av ulik storleik i kommunen. Nokre nye hamner er tatt inn og nokre hamnar er utvida. Sjøen er eit viktig område for Kvam med lang kystline, me ønskjer å vere ein kommune som stimulerer til auka aktivitet på fjorden både i form av utøving av friluftsliv og moglegheiter for næringsverksemd. Dette betyr at det vil bli eit auka behov for småbåthamnar for å auke tilkomst til sjø.

Hardanger fartøyvernsenter er eit viktig museum for Kvam. Dei har hatt eit behov for utviding av sitt areal i sjø, mellom anna for å få på plass bølgjedemparar for å sikre flytande museumsbåtar. Med utvida areal i sjø, kan dei no sikre dagens hamn.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Småbåthamn	SBH1	Oma	2,1
Småbåthamn	SBH2	Strandebarm	1,6
Småbåthamn	SBH5	Strandebarm	2,1
Småbåthamn	SBH6	Strandebarm	4,3
Småbåthamn	SBH7	Innstranda	1,0
Småbåthamn	SBH9	Vikøy	4,6
Småbåthamn	SBH10	Vikøy	0,5
Småbåthamn	SBH12	Norheimsund	7,5
Småbåthamn	SBH13	Norheimsund	1,7
Småbåthamn	SBH14	Norheimsund	8,3
Småbåthamn	SBH15	Norheimsund	16,2
Småbåthamn	SBH17	Norheimsund	2,9
Småbåthamn	SBH19	Øystese	6,1
Småbåthamn	SBH20	Øystese	5,0
Småbåthamn	SBH24	Soldal	2,8
Småbåthamn	SBH28	Norheimsund	3,2
Småbåthamn	SBH29	Norheimsund	0,6
Småbåthamn	SBH30	Norheimsund	3,3

- Område SBH 1 gjeld småbåthamn i samband med utleigehytter på Oma.
- Område SBH 2, gjeld godkjent reguleringsplan på Bakka i frå 2016.
- Område SBH 5, gjeld utviding av gjestehamna i Strandebarm, der arealet skal nyttast til bølgjedemparar.
- Område SBH 6 gjeld småbåthamn ved campingplassen på Linga i Strandebarm.
- Område SBH 7, gjeld stadfesting av eksisterande småbåthamn i Ljonesvågen på Innstranda.
- Område SBH 9, gjeld småbåthamn på Aksnes i samband med godkjent reguleringsplan i frå 2009.
- Område SBH 10, gjeld eksisterande småbåthamn ved Framnes i Vikøy.
- Område SBH 12 og 13 gjeld småbåthamn i godkjent plan i Norheimsund (2006).
- Område SBH 14, gjeld gjestehamna i Norheimsund, i samsvar med kommunedelplan i frå 2003 og seinare vedtak.
- Område SBH 15, gjeld småbåthamn på Tolo i Norheimsund, i samsvar med godkjent reguleringsplan i frå 2014.
- Område SBH 19, gjeld utviding av småbåthamna i Øystese.
- Område SBH 20, gjeld ny småbåthamn i Øystese sentrum, ved Hardangerbadet.
- Område SBH 24, gjeld eksisterande småbåthamn i Porsmyr.
- Område SBH 28 og 30, gjeld ei utviding av regulert småbåthamn i Norheimsund (2006).

Samla framtidig areal for småbåthamner: **73,8 daa.**

Fiske- og akvakultur

Planen fylgjer opp arealstrategiane for akvakultur, ved at lokalitetane har vorte større og færre. I prinsippet er det lokalitetane i frå 2006 som har vorte utvida, og omfanget av dei har vorte større.

Areal for fiske i eksisterande kommuneplan er ført vidare, gjeld primært låssetjingsplassar for brisling.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Akvakultur	AK2	Mundheim	30,1
Akvakultur	AK4	Mundheim	63,5
Akvakultur	AK7	Mundheim	271,7
Akvakultur	AK9	Oma	119,3
Akvakultur	AK11	Strandebarm	22,6
Akvakultur	AK12	Strandebarm	200,0
Akvakultur	AK14	Innstranda	50,3
Akvakultur	AK16	Tørvikbygd	314,8
Akvakultur	AK19	Fykse	132,5
Akvakultur	AK22	Ålvik	160,3
Akvakultur	AK24	Ålvik	160,7
Akvakultur	AK27	Kvamsøy	231,0

Område AK 2, gjeld lokaliteten i Bergadalen på Mundheim. Gjeld utviding av eksisterande lokalitet. Område AK 4, gjeld lokaliteten på Furhovde på Mundheim. Gjeld utviding av lokaliteten. Område AK 7, gjeld utviding av eksisterande lokalitet ved Teigland, på Mundheim. Område AK 9, gjeld utviding av eksisterande lokalitet på Dysvik (Oma). Område AK 11, gjeld eksisterande lokalitet (ventemerdar) ved Hardanger fiskeforedling i Strandebarm. Godkjent reguleringsplan frå 2016. Område AK 12, gjeld utviding og flytting av lokaliteten Aplavika, i Strandebarm. Område AK 14, gjeld utviding av lokaliteten, Ljonesbjørgene på Innstranda. Område AK 16 gjeld utviding av eksisterande lokalitet ved Saltkjelen i Tørvikbygd. Område AK 19, gjeld lokaliteten ved Vardaneset innanfor Steinstø. Gjeld utviding av eksisterande lokalitet, som no vert nytta til tang og tareproduksjon. Område AK 22, gjeld utviding av eksisterande lokalitet ved Djupesvik i Ytre Ålvik. Område AK 24, gjeld utviding av eksisterande lokalitet på Tveitnes i Ytre Ålvik. AK 27 gjeld lokalitet sør for Kvamsøy.

Det er lagt inn ein buffersone mellom akvakulturanlegget og land på ca. 20 meter. Gjennom ny konsesjonshandsaming eller regulering av utvida akvakulturanlegg, må det vurderast korleis ikkje motorisert ferdsel mellom sjølina og akvakulturanlegg skal løysast. Det er tillate med naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur og utlegging av ulike sjøleidningar i føremål for bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette gjeld også i sona på 20 meter mellom sjølina og akvakulturanlegget. Ny teknologi skapar nye behov og kommuneplanen ønskjer å legge til rette for at akvakulturanlegg skal kunne utvikla seg.

Framtidig utviding av akvakulturareal: **1491,7 daa.**

Friluftsområde i sjø

Område FOV 7, gjeld eksisterande badeområde midt Norheimsund sentrum. Godkjent reguleringsplan i frå 2006. Område FOV 10, gjeld eksisterande badeområde midt i Øystese sentrum, ligg i godkjent reguleringsplan i frå 2010.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Friluftsområde i sjø	FOV7	Norheimsund	7,7
Friluftsområde i sjø	FOV10	Øystese	8,0

Samla framtidig areal for friluftsområde i vatn: **15,7 daa.**

Kombinert formål i sjø

Norheimsund er eit regionsenter og eit viktig trafikk knutepunkt, både på land og i sjø. Det er viktig å legge til rette for båttrafikk i sentrum. Det er lagt inn eit kombinert formål for hamn og farlei for å sikre ein framtidg utvikling av båttrafikk, både til persontrasport og turisme. Det er og lagt inn eit kombinert føremål mellom båthamn og bustad i samsvar med reguleringsplanen for Straumbrua – Tolo småbåthamn.

Føremål	Feltnamn	Område	Areal
Kombinert byggeføremål (land og sjø)	BHBU1	Norheimsund (Båthamn, bustad)	20,0
Kombinert føremål i sjø	FH1	Norheimsund (Farlei, hamn)	7,4

Samla framtidig areal for kombinerte byggeområde i sjø: **27,4 daa.**

Flytebrygger og fellesanlegg

Føresegnene i byggeområde opnar opp flytebrygger og brygger. Gjeld ikkje i landbruk-, natur- og friluftsområde.

Bestemmeselsesområde

Gjeld akvakulturområde med definisjonar på kva artar som kan dyrkast fram på lokalitetane.

Område med bestemmelsesområde er vist som H27_1 – H27_4.

5.6 Omsynssoner, jf. plan- og bygningslova § 11-8, pkt. a-f

Føremålet med omsynssynsoner er å visa viktige omsyn og interesser i tillegg til og uavhengig av kva føremål som gjeld i eit område. Omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel skal leggjast til grunn for vidare planlegging.

Sikringssone pkt. a – drikkevatn og verna vassdrag

Sikringssoner er nytta i dei klausulerte nedslagsfelta til drikkevantet i kommunen. Det same er gjort for varig verna vassdrag i kommunen.

Drikkevatn er vist som omsynssone H560 og verneplanar er vist som H560.

Støysone pkt. a - støy

Støyssoner er som er lagt inn i kartet gjeld støy langs med fylkesvegane i kommunen og frå skytebanen i Vangdalsåsen.

Omsynssonar for støy er vist som H220 og H220.

Faresone pkt. a - ras

Omsynssonene for ras er basert på faresonekartlegginga gjennomført av Multiconsult i 2017. Karta er utarbeidt i medhald av gjeldande byggteknisk forskrift, dvs. at dei viser område der det nominelle årlege sannsynet for skadar eller vesentlege ulemper er vurdert å vera 1/100, 1/1000 og 1/5000 med omsyn til skred. Kartet viser 1/5000. Omsynssone for flaum viser Norges vassdrags- og energidirektorat si flaumsonekartlegging i Øysteseelva.

Omsynssonen er vist som H310

Sikringssone pkt. a – kraftleidningar

Kraftleidningar med sikringssoner:

- 22 kV -40 m sikringssone
- 120 kV -80 m sikringssone
- 420 kV -200 m sikringssone

Sikringssonene er vist etter Statens Strålevern sine tilrådingar.

Særleg omsyn pkt. c – friluftsliv

Gjeld område med viktige friluftskvalitetar langs sjøen, i nærmiljøet og på fjellet. Friluftsområda er ført i vidare i frå kommuneplanen i frå 2006. I tillegg er det tatt inn viktige friluftsområde som er kartlagt i samband med ny kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Viktige friluftskorridorar er også vist som omsynssone.

Omsynssonen er vist som H530.

Særleg omsyn pkt. c - naturmiljø

Gjeld område verna etter lov om naturvern og andre område med høg naturverdi, enten på grunn av spesielle naturfaglege kvalitetar, inngrepsfri natur, viktige viltområde eller ein kombinasjon av desse.

Område med viktige naturkvalitetar er vist som H113, område som er verna etter lov om naturvern er vist som H113.

Særleg omsyn pkt. c - kulturmiljø

Kvam herad er godt i gang med ein kommunedelplan for kulturminne. Planen vil verta lagt fram for høyring og offentleg ettersyn i løpet av våren 2018. Viktige kulturmiljø og kulturminne vil verta vurdert på nytt når kommuneplanen sin arealdel er til høyring og offentleg ettersyn. Det kan avdekkast område som kan verta tatt inn i kommuneplanen sin arealdel ved endeleg vedtak.

Det er teke omsyn til kjente kulturminne og kulturmiljø i arbeidet med nye arealføremål i planen.

Særleg omsyn pkt. c - landbruk

Viktige landbruksområde er vist med eigen omsynssone. Desse er ført vidare i frå gjeldande kommuneplan vedteken i 2006.

Område med landbruk er vist som H510.

Sone for felles planlegging pkt. e

Felles planlegging og større samanhengane areal er nødvendig for å skapa dei gode og heilskaplege løysingane. Fylgjande område har fått omsynssone – «krav om felles planlegging»

- Strandebarm, område H 810_1 (offentleg privat tenesteyting) og B12 (bustad) på Tangerås.
- Tørvikbygd, område H 810 _2 (sentrumsføremål) i Tørvikbygd sentrum.
- Tørvikbygd, område H 810_3 (næringsareal og grønstruktur) i Tørvikbygd.
- Norheimsund, område H 810_5(ved endringar i Tolomarka).
- Norheimsund, område H 810_4 N37(næringsareal) og GRS 23 og 24 (grønstruktur) på Sandven.
- Øystese, område H 810_6 (bustad) på Børvenes.

5.7 Samferdsle- og infrastrukturliner

I tillegg til arealføremål og omsynssoner er det fleire stader lagt inn linesymbol for framtidig infrastruktur som:

- Gangveg
  - For å betra tilgangen til idrettsanlegget og kyrkja i Norheimsund
  - For å betre tilgangen langs sjø i Skutevik
- Hovudveg (som dagline og som tunnel)
  - Tunnel bak Norheimsund
  - Tunnel på Teigland
  - Tunnel på Mundheim
  - Ny trasè ved industriområde på Breievne
  - Regulert vegtrasè i Tørvikbygd
- Samleveg
  - Utbetring av trasè for Fv130
  - Ny veg bak idrettshallen i Øystese
- Tilkomstveg
  - Ny tilkomst langs sjø i Steinstø
  - Tilkomstveg til Hansvågen
  - Ny tilkomstveg til Geithaug i Ålvik
- Gang- og sykkelveg
  - Ny bru over Øysteseelva ved idrettsplassen for å skape eit tettare sentrum
  - Ny bru og gangveg på pålar for å knyta saman Øysteseparken og Evjo dersom området skal regulerast og transformerast til bustadområde
  - Ny bru over Vikelva
  - Gang- og sykkelveg frå Ålvik til Vikedal
  - Gang- og sykkelveg frå Aksnes til Vangdal
- Turvegtrase
  - Ny vegtrasè for å kopla skule- og idrettsområdet på Tangerås saman med resten av Strandebarm. Ny gang- og sykkelveg er synt som turveg, og er lagt vekk frå hovudvegen. Framlegg til plassering av ny bru er synt ved Bruosen.
  - Ny turvegtrasè for å kople saman Sjusete og Kvamskogen med sykkelveg, turveg og skiløype. Ei slik kopling vil føre til ei gjensidig styrking av Sjusete skisenter og Kvamskogen som hytteområde og utfartsdestinasjon.

Plasseringa av desse i kartet er ikkje juridisk bindande, men dei syner viktige grep som må gjerast ved regulering.

5.8 Tilhøve til planar, rammer og retningsliner

Statlege rammer og retningsliner

Det er lagt ei rekkje føringar for kommunen sitt planarbeid igjennom sentrale forskrifter, rikspolitiske retningsliner, brev og rundskriv. Desse har vore nytta som viktige premissar og føringar i planarbeidet.

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. 2015.
- Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal og transportplanlegging.
- Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane.
- Rikspolitiske retningsliner for å styrka born og unge sine interesser i planlegginga.
- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag.
- Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.
- Retningsline for handsaming av støy i arealplanlegginga-T 1441/2016.
- Kommuneplanen sin arealdel. Utarbeiding og innhald. Rettleiar. Miljøverndepartementet.
- Forskrift om konsekvensutgreiing.

Regionale planar og retningsliner

- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (under arbeid).
- Regional plan for attraktive senter –senterstruktur, tenester og handel 2015 – 2026.
- Regional plan for folkehelse 2014- 2025. Fleire gode levekår for alle.
- Regional kulturplan 2015 – 2025.
- Regional transportplan 2013 – 2024.
- Regional næringsplan.
- Regional plan for energi og klima.
- Regional planstrategi 2016 – 2020.

Kommunale planar

- Kommunedelplan for Kvamskogen 2010 -2020.
- Norheimsund vest –kommunedelplan 2002 -2014.
- Arealdelen til kommuneplanen. Planperioden 2006 -2014.
- Kommuneplanen for Kvam, herad 2015- 2030. Samfunnsdelen.
- Plan for risiko- og sårbarheitsanalyse – Kvam herad 2015 – 2019.
- Oversikt over folkehelsa i Kvam herad. Eit grunnlagsdokument for vidare arbeid med nye planar i Kvam herad. 2013.
- Planstrategi for Kvam herad 2015 - 2019. HST-vedtak 105/16. 2016.
- Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv. 2005 -2009. Planen er under revisjon og har vore nytta i arbeidet.
- Kulturminneplan (under arbeid).
- Kommunedelplan for avlaup (under arbeid).
- Kommunedelplan for vatn (under arbeid).
- Helse og omsorgsplan 2014- 2025.
- Kommunedelplan for kompetanse og næring 2015 -2023.

- Tettstadstruktur i Kvam –bakgrunnsnotat til kommuneplanen 2013 -2024.
- Kommuneplanen sin arealdel 2013 -2024 –Kvam herad –arealstrategiar.
- Kommunedelplan for energi- og klima. 2012 -2015.
- Kommunedelplan for landbruk i Kvam 2005- 2014.
- Strategisk plan for integrering. 2015 – 2019.
- Trafikksikringsplan for Kvam. 2016 -2019.
- Utbyggingsstrategiar for helse og omsorgstenesta (under arbeid).

Temakart og informasjonskjelder

Temakart har ikkje juridisk verknad på arealforvaltninga. Karta er viktig informasjon om utvalde tema, og utdjupar verdiane i høve til utvalde tema. Temakarta har også vore viktige informasjonskjelder i høve til vurderingar som har vorte gjort for den samla vurderinga av arealføremåla i arealplankartet og som grunnlag for føresegnene til planen.

Andre kjelder som har vore nytta:

Kvam herad sin eigne kartløysingar med innhenta temakart frå andre institusjonar, td. kulturminne (SEFRAK), AR5 (arealressurskart), aktsemdkart for snø- og steinskred, flaumsonekart (Noregs vassdrags- og energidirektorat), radon og støysonekart.

Elles er nytta: artsdatabanken.no, miljøstatus.no, naturbase.no, mm.

I arbeidet med landskapsvurdering har Kvam herad nytta Hordaland fylkeskommune sin rapport: «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke - med utgangspunkt i nasjonalt referansesystem».